



# MASTEROPPGÅVE

**Mastergrad i samhandling innan helse- og sosialtenester**

## **Samhandling med pårørende**

Kunnskap hos helsepersonell

av

Olivia Sissil Sunde

Mai 2015



HØGSKULEN I  
SGN OG FJORDANE

**MASTER I SAMHANDLING INNAN HELSE- OG SOSIALTENESTER**  
**MASTEROPPGÅVE (45 studiepoeng)**

---

**SEMESTER:** vår 2015

---

**FORFATTER/MASTERKANDIDAT:** Olivia Sissil Sunde  
**RETTELEIAR/AR:** Siri Ytrehus

---

**TITTEL PÅ MASTEROPPGÅVA:**

**Norsk tittel:** Samhandling med pårørende – kunnskap hos helsepersonell

**Engelsk tittel:** Collaboration with primary caregivers – knowledge among healthcare professionals

---

**EMNEORD/STIKKORD:** helsepersonell, kunnskap, samhandling, pårørende

---

**TAL ORD/SIDER:** Kappe:6965/Artikkel 5870, 79 sider

**STAD ...**Førde 21.05.15.....

**DATO/ÅR**



## Masteroppgåve

Boks 133, 6851 SOWNDAL, 57 67 60 00, fax: 57 67 61 00 – post@hisf.no – www.hisf.no

Masteroppgåve i: Samhandling innan helse- og sosialtenester

Tittel: Samhandling med pårørande – kunnskap hos helsepersonell

Engelsk tittel: Collaboration with primary caregivers – knowledge among healthcare professionals

Forfattar: Olivia Sissil Sunde

Emnekode og emnenamn: MS1 – 307 Masteroppgåve i samhandling innan helse- og sosialtenester.

Kandidatnummer: 2

Publisering i institusjonelt arkiv, HiSF Biblioteket (set kryss):

Dato for innlevering:

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage.

21.05.15

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

JA X      Nei \_\_

Eventuell prosjekttilknyting ved HiSF  
Masterprosjektet har vore tilknyttet eit  
samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen i Sogn og  
Fjordane og Vestlandsforskning.

Emneord (minst fire):  
helsepersonell, kunnskap, samhandling, pårørande

## Forord

Masterstudiet har vore ein lærerik prosess, med både glede av læring, men og periodar med frustrasjon. Når skrivinga vart for utfordrande, har eg sett stor pris på min rettleiar. Derfor vil eg fyrst av alt takke min tolmodige og strukturate rettleiar Siri Ytrehus. Du har vore ei god støtte og hjelp gjennom heile prosessen. Med din faglege dyktigheit har du hjelpt meg til å få oversikt over tema, gitt konstruktiv kritikk og oppmuntring.

Eg vil også takke for at eg fekk delta i ei etablert forskingsgruppe, og for at eg fekk nytte data frå undersøkinga til Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning. Ei ekstra læring for meg har vore deltaking på prosjektmøte, som har gitt meg innsikt i korleis eit forskingsprosjekt blir drive. Spesielt vil eg takke Karianne Røssommoen Øyen for eit godt samarbeid ved omkoding av data i SPSS, og for at du gjennom heile prosessen har bidratt med råd og støtte. Takk til alle mine kollegaer og medstudentar for oppmuntring og råd undervegs.

Siste, men ikkje minst, takk til min kjære familie som tolmodig har støtta og oppmuntra meg.

## **Samandrag**

Bakgrunn: Alderssamansetninga i befolkninga er i endring, og vi blir stadig fleire eldre. Med grunnlag i eit offentleg ansvar, er det frå politisk hald lagt føringar for nye måtar å nytte samfunnet sine samla omsorgsressursar. Målet er å sikre helsetenester av god kvalitet for framtida. Pårørande sin innsats som omsorgsgivar blir særskilt framheva. Samtidig er samhandlinga mellom helsepersonell og pårørande essensiell, for å sikre at omsorgsbelastninga ikkje blir for stor for pårørande.

Hensikta med denne litteraturgjennomgangen er å gjere greie for sentral kunnskap som helsepersonell kan ha nytte av i samhandling med pårørande til eldre heimebuande.

Metode: Denne kappa er ein litteraturgjennomgang med sentral forsking frå databasane MEDLINE, CINAHL og SveMed+.

Resultat/konklusjon: Samhandling mellom helsepersonell og pårørande er viktig for å kunne gi individuelt tilpassa støtte til pårørande. Helsepersonell sin kunnskap om og forståing av pårørande og pasienten sin situasjon er ein føresetnad for god samhandling. Denne litteraturgjennomgangen peikar på at helsepersonell kan ha nytte av opplæring innanfor omsorg til pårørande, og at helsepersonell treng meir kunnskap om kva som er helsetenesta sitt ansvar i samhandlinga med pårørande.

Nøkkelord; helsepersonell, kunnskap, samhandling, pårørande.

## **Abstract**

Background: The population has experienced remarkable demographic changes, and the elderly population is rapidly growing. The politicians have provided guidance to new ways to adopt the society's overall care resources, based on a public responsibility. The aim is to ensure future health care of high quality. The effort of family caregiving is particularly emphasized. At the same time collaboration between healthcare professionals and primary caregivers is essential to ensure that the caregiving role does not become a great burden.

The aim of this literature review is to clarify central knowledge that healthcare professionals can benefit from in collaboration with primary caregivers of the elderly living at home.

Methods: This thesis is a literature review of key studies from MEDLINE, CINAHL and SveMed +.

Results/conclusion: Collaboration between healthcare professionals and primary caregivers is important to provide individualized support to family members. The healthcare professional's knowledge and understanding about the patient and the primary caregiver's situation is the foundation of good collaboration. This literature review indicates that healthcare professional's need education about caring for primary caregivers, and knowledge about the health care system's responsibility in collaboration with primary caregivers.

Keywords; healthcare professionals, knowledge, collaboration, primary caregivers.

## **Innhald**

1 Innleiing.....	1
2 Ein ny pårørandepolitikk .....	2
2.1 Kommunehelsetenesta .....	2
2.2 Den eldre pasienten.....	3
2.3 Familieomsorga – utvikling og kulturelle variasjonar .....	4
2.4 Pårørende sitt bidrag i Norge.....	5
2.5 Samhandling .....	5
3 Kva kunnskap kan helsepersonell ha nytte av i møte med pårørende? .....	7
3.1 Konsekvensar av omsorgsrolla for pårørende .....	7
3.2 Kva hjelp og støtte ønskjer pårørende.....	8
3.3 Pårørende sin situasjon.....	10
3.4 Behova til pasienten .....	12
4 Kva opplæring har helsepersonell i pårørandearbeid.....	13
4.1 Helsepersonell sitt perspektiv på familien.....	14
4.2 Utfordringar ved samhandlinga .....	14
4.3 Korleis betre samhandlinga med pårørende? .....	16
5 Konklusjon .....	17
Litteraturliste.....	18

## **Vedlegg**

- Vedlegg 1 Metode
- Vedlegg 2 Artikkel
- Vedlegg 3 NSD godkjenning
- Vedlegg 4 Spørjeskjema
- Vedlegg 5 Forfattarrettleiar frå tidsskrift

## 1 Innleiing

Forsking omtalar utfordingar knytt til samhandlinga mellom helsepersonell og pårørande både frå helsepersonell og pårørande si side. Målet med denne litteraturgjennomgangen er derfor å få ei større forståing av kva kunnskap helsepersonell kan ha nytte av, for å legge til rette for god samhandling med pårørande til eldre pasientar som bur heime.

Dette er ei teoretisk oppgåve som ikkje byggjer på eigne empiriske data, men er ei utdjuping av sentral forsking om samhandling med pårørande og er bakgrunn for eit forskingsprosjekt som eg har gjennomført. Litteraturgjennomgangen drøftar temaet med utgangspunkt i relevant litteratur, men må ikkje tolkast som ein systematisk oversikt. Framgangsmåte for framskaffing av litteratur er gjort greie for i vedlegg. Vedlagt følgjer også artikkelen, der eige forskingsprosjekt blir presentert. Artikkelen byggjer på ein studie som har undersøkt kva opplæring helsepersonell har fått i pårørrandearbeid. Resultata frå studien blir berre nemnt i denne gjennomgangen.

Fyrst i oppgåva kjem ein presentasjon av bakrunnen for problemstillinga med utgangspunkt i politiske føringar. Vidare blir det forklart korleis relevante omgrep blir nytta i denne oppgåva. For å få ei betre forståing av kva kunnskap helsepersonell kan ha nytte av i møte med pårørande, vil denne oppgåva drøfte kva som kan påverke pårørande sine ønskjer i samhandling med helsepersonell. Den siste delen av oppgåva omhandlar helsepersonell sitt perspektiv på samhandling, der helsepersonell sine utfordingar i samhandlingssituasjonen blir drøfta. Til slutt i oppgåva kjem eit eksempel på tiltak for å betre samhandlinga.

Det må presiserast at pasienten er ein viktig part i samhandlinga, sjølv om det i denne oppgåva blir omtala som samhandling mellom helsepersonell og pårørande. Først og fremst må pårørandeomgrepet avklarast. I Pasient- og brukerrettighetsloven (2001) blir ein person definert som pårørande når han/ho er den nærmaste til ein person som er avhengig av hjelp, per definisjon ein pasient. Det er pasienten sjølv som definerar kven pårørande er (Pasient- og brukerrettighetsloven, 2001). Likevel vil pårørande ofte vere den nære familien, slik som omgrepet tradisjonelt har vore nytta (Rønning, Schanke & Johansen, 2009). Pårørande er då først og fremst ektefelle, foreldre og barn. Men pårørande kan og vere venar, naboar eller fjerne slektingar. Pårørande kan dermed vere mange ulike menneske med ulike livssituasjonar, og med ulik tilknyting til pasienten.

## **2 Ein ny pårørandepolitikk**

Pårørande sin innsats blir omtala som den «usynlege omsorga» i ei offentleg utgreiing (NOU 2011:11, 2011). Rapporten framhevar behovet for ein ny pårørandepolitikk. Den demografiske endringa i alderssamansetninga og framtidig behov for arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren er viktige grunnar for at endringa er naudsynt, slik at vi finn fram til gode løysingar som vil vere berekraftige i eit lenger perspektiv. Dette gjeld også for dei fleste vestlege land. I følgje NOU «Innovasjon i omsorg» kan omsorgsutfordringane vi står overfor ikkje berre løysast ved at helse- og sosialtenesta får tilført meir fagpersonell, nye institusjonar og nye formelle hjelpeordningar (NOU 2011:11, 2011). Meldinga til stortinget «Morgendagens omsorg» (2012-2013), 2013) presenterer derfor ein politisk tanke om å ta i bruk samfunnet sine samla omsorgsressursar på ein ny måte, med grunnlag i eit offentleg ansvar. Det blir då særskilt lagt vekt på pårørande sin innsats som omsorgsgivar.

Det blir anslått at pårørande står for om lag halvparten av den omsorga eldre mottar i Norge (Rønning et al., 2009). Den politiske målsetjinga er å halde denne innsatsen stabil. Den nye pårørandepolitikken veklagt at helsetenesta må synleggjere, verdsette og støtte pårørande som står i ei krevjande omsorgsoppgåve (Meld. St. nr. 29 (2012-2013), 2013). Vidare rettar meldinga merksemrd mot at det må bli lettare å kombinere arbeid og omsorgsansvar, samtidig som likestilling mellom kjønn må vere eit viktig fokus. Helsepersonell må dermed støtte og stimulere pårørande som omsorgsgivarar, samtidig som pårørande må ivaretakast slik at dei ikkje pådrar seg helsemessige belastningar (Meld. St. nr. 29 (2012-2013), 2013). I meldinga blir det derfor retta merksemrd mot å betre samhandlinga mellom den offentlege og den uformelle omsorg. Samhandling mellom pårørande og helsepersonell er ikkje eit nytt tema. Det er til dømes utarbeida nasjonale faglege retningslinjer for samarbeidet med pårørande innan psykisk helseteneste (Helse- og omsorgsdepartementet, 2008), samt at det er sett fokus på korleis ein skal ivareta barn som pårørande (Helse- og omsorgsdepartementet, 2010). Det er enda ikkje utarbeida retningslinjer for samarbeid med pårørande til eldre pasientar med eit omfattande hjelpebehov.

### **2.1 Kommunehelsetenesta**

Oppgåvefordelinga innanfor velferdstenestene har endra seg etter at samhandlingsreforma vart innført i 2012. Den politiske målsetjinga for reforma er å sikre eit berekraftig, heilskapleg og samanhengande tenestetilbod av god kvalitet, tilpassa den einskilde pasient (St. Meld. nr. 47 (2008-2009), 2009). Samtidig som det blir retta merksemrd mot førebygging og tidleg intervension. Kommunehelsetenesta har fått eit stort ansvar for gjennomføringa av reforma, og fleire oppgåver er blitt overført frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta.

Kommunehelsetenesta si sentrale rolle i velferdstenesta er likevel ikkje ein heilt ny politikk. Etter krigen begynte velferdsstaten sin utbyggingsperiode, og frå 1960 vart den offentlege heimetenesta i Norge bygd ut for fullt (Ytrehus, 2012). Frå 1980-talet har desentralisering og kommunealialisering vore målsetjinga for velferdspolitikken (Ytrehus, 2012). Vidare har fokuset vore at eldre skulle få bu heime så lenge som mogleg, noko som førte til reduksjon i utbygginga av institusjonar frå 1990-talet. Utbygginga av heimetenesta var ein føresetnad for heimebasert omsorg, og det er stadig fleire som mottar heimetenester. Denne utviklinga er lik for dei nordiske landa (Ytrehus, 2012).

Nyare undersøkingar viser at kommunehelsetenesta har utfordringar knytt til dei nye oppgåvene. Funn frå undersøkingar som er gjort etter at samhandlingsreforma vart innført, viser at kommunehelsetenesta har fått ansvar for fleire og dårlegare pasientar, særskilt gjeld dette for store kommunar (Abelsen, Gask, Nødland & Stephansen, 2014; Øyen et al., 2015). I ei kvalitativ undersøking kom det fram at ordførarar og rådmenn meinte at ei av hovudutfordringane for kommunane er avgrensa ressursar til å realisere pålagde oppgåver, og at dette fører til nedprioritering av oppgåver knytt til førebygging og brukarmedverknad (Kassah, Tønnessen & Tingvoll, 2014). Førebygging og brukarmedverknad vil vere viktig område innan omsorg for pårørande. Dette kan bety at merksemda rundt pårørande sin situasjon, og ivaretaking av deira behov, kan bli nedprioritert. I denne samanhengen kan ein stille spørsmål ved om det frå politisk hald kjem motstridande føringar overfor kommunehelsetenesta. På den eine sida vektlegg politiske føringar auka merksemd rundt pårørande si rolle, men på den andre sida har kommunehelsetenesta avgrensa ressursar til å utføre pålagde oppgåver.

## 2.2 Den eldre pasienten

Befolkinga si alderssamansetning er i endring, og det er forventa at vi blir stadig fleire eldre. Når menneske blir eldre skjer ein jamn reduksjon av kroppen sine funksjonar, noko som medfører svekka evne til å stå i mot og overvinne sjukdom (Engedal, 2008). Eldre og gamle menneske vil derfor vere utsatt for sjukdom som kan medføre eit stort og samansett hjelpebehov.

Fleire studiar har sett at pårørande sitt bidrag kan vere avgjeraende for at eldre pasientar med eit samansett hjelpebehov skal få bu heime så lenge som mogleg (Jakobsson, Hansen & Kotsadam, 2012; McPherson, Kayes, Moloczij & Cummins, 2014; Tønnessen, Førde & Nortvedt, 2009). I denne samanhengen er det verdt å merke seg at haldningane i den eldre generasjonen viser at dei føretrekk hjelp frå den offentlege velferdstenesta framfor familien (Daatland, Herlofson & Lima, 2011). Forfattarane knytt denne haldninga i den eldre generasjonen til eit ønskje om ikkje å vere til byrde

for sine pårørande. Det kan også vere ei belasting for den eldre å vere prisgitt sine nærmaste pårørande. På bakgrunn av desse studiane kan ein argumentere for at god samhandling mellom helsetenesta og pårørande er i tråd med pasienten sine interesser. God samhandling kan bidra til at eldre kan bu heime, men samtidig ikkje måtte oppleve å vere ei byrde og til belastning for sine pårørande.

## 2.3 Familieomsorga – utvikling og kulturelle variasjonar

Det er ulike syn på familien, og kva som er familien sitt ansvar. Over tid har familiestrukturen, rollene og oppgåvene til familien endra seg. Til dømes har fleire samlivsbrot ført til oppsplitting av familiar, og nye familietypar har komme til (Bengtson, 2001; Lingsom, 1997). Ei generell tru har vore at når fleire lever aleine vil det redusere familieomsorga, men samtidig har ei aldrande befolkning ført til at familien no i større grad enn tidlegare består av fleire generasjonar som lever lenger saman (Bengtson, 2001; Lingsom, 1997). Lenger liv saman kan bidra til auka familiehjelp, og at familien hjelper kvarandre på tvers av generasjonar. Resultat frå Bengtson (2001) sin longitudinelle studie tyder på at det er sterke emosjonelle band mellom familiemedlemmane, og at dei emosjonelle banda er relativt stabile over tid, sjølv om familiestrukturen har endra seg til stadig større variasjon i familietypar. På tross av at familien har endra seg tyder utviklinga også i Noreg på at familieomsorga er relativt stabil (Daaltland & Veenstra, 2012; Lingsom, 1997).

Ulike kulturar og samfunn vil ha ulikt syn på kva som er familien sitt ansvar og kva som er det offentlege sitt ansvar (Thorsen, 2001). Samtidig kan kulturelle forskjellar påverke korleis familien ser på si eiga rolle som omsorgsgivarar, noko som igjen vil kunne påverke korleis familien ønskjer å samarbeide med det offentlege hjelpeapparatet. Daatland, Slagsvold og Lima (2009) har studert befolkninga sitt syn på eldreomsorga. I studien kom det fram at befolkninga i Norge meiner at omsorg for eldre er eit offentleg ansvar, medan familien sitt bidrag skal vere eit supplement. Denne haldninga til familien si rolle skil seg frå andre land i Europa (Daaltland et al., 2009). Tilgang til hjelp frå offentlege velferdstenester og kulturelle forskjellar vil kunne medføre at det er ulike haldningar til pårørande si omsorgsrolle i ulike land. Likevel peikar ein ny norsk studie på at meir offentleg hjelp ikkje ser ut til å redusere familieomsorga, men fører til at pårørande tar på seg andre oppgåver (Jakobsson et al., 2012).

## **2.4 Pårørande sitt bidrag i Norge**

Studiar tyder på at omsorgsrolla for pårørande i stor grad omfattar praktiske oppgåver og emosjonell støtte (Daaaland & Herlofson, 2004; Romoren, 2003). Den praktiske hjelpa kan vere innkjøp, matlaging, husarbeid eller følgje til lege. Men forsking viser også at pårørande bidrar med omfattande pleieoppgåver (Jakobsson et al., 2012). Pleieoppgåver blir då forstått som hjelp til påkledning, personleg hygiene, medisinering eller hjelp til mating. I tillegg kan pårørande ha ei viktig rolle for å sikre at pasienten får tilfredstilende hjelp frå velferdstenesta (Romoren, 2003; Tønnessen et al., 2009). Andre studiar viser til at manglande informasjon mellom og innanfor einingar i pleie- og omsorgstenesta kan føre til at pårørande får ei koordinerande rolle (Øyen et al., 2015). Studiane belyser ulike oppgåver som pårørande utfører, men vi har ingen fullstendig oversikt over kva oppgåver pårørande bidrar med i eldremomsorga i Noreg. Ei forklaring på dette kan vere at det er ulikt kva pårørande oppfattar som ei omsorgsoppgåve, noko som gjere det utfordrande å få oversikt over pårørande sitt bidrag. Eit døme er pårørande som beskriv praktiske oppgåver som noko dei ville utført uavhengig av om familiemedlemmene er sjuke eller friske (Øyen et al., 2015).

## **2.5 Samhandling**

Vi har sett at det er fleire grunnar til at god samhandling mellom helsepersonell og pårørande er viktig. For det første er det nødvendig for å ivareta pårørande som har omsorg for eldre hjelpetrengande. Dessutan kan samhandling i mange tilfelle vere ein viktig del for å kunne gi god omsorg til pasienten. Samtidig som helsetenesta i realiteten er avhengig av pårørande sitt bidrag, gitt det omfattande bidraget som vi veit at familien yter.

Omgrepet samhandling vert nytta om samarbeid i mange ulike samanhengar og på ulike nivå. På generelt grunnlag kan samhandling bli forstått som eit samarbeid i situasjonar der det ikkje fins ein aktør som har fullstendig kontroll over ein prosess eller utføringa av ei oppgåve (Bukve & Kvåle, 2014). Ein vesentleg rammelektor i samhandlingssituasjonen mellom pårørande til hjelpetrengande eldre og velferdstenesta er at det berre er den eine parten, det vil seie den offentlige tenesta, som har plikt til å yte hjelp og dermed plikt til å få til eit samarbeide. Pårørande har ingen juridisk plikt til å ta vare på eldre familiemedlemmar som treng hjelp, verken økonomisk eller med anna omsorg. Helsepersonell har også eit juridisk ansvar for å leggje til rette for pårørandeinvolvering (Pasient- og brukerrettighetsloven, 2001). Eit vilkår for pårørandeinvolvering er at det er i tråd med pasienten sine ønskjer når pasienten er samtykkekompetent.

Reint praktisk fins det ulike generelle råd for korleis eit samarbeid kan eller bør utførast. Bukve og Kvåle (2014) hevder at partane må finne fram til felles mål, felles forståing av situasjonen, ha tilstrekkeleg tillit til kvarandre, utveksle nødvendig informasjon og ha kunnskap for å kunne utføre ei oppgåve gjennom samhandling. Det er derimot rimeleg å rekne med at det vil vere store variasjonar i kva som vil krevjast for å få til god samhandling med pårørande. Fleire studiar har vist at både pårørande og helsepersonell opplever at det er utfordringar knytt til samhandlinga (Kemp, Ball & Perkins, 2013; McPherson et al., 2014; Storm, Siemsen, Laugaland, Dyrstad & Aase, 2014; Ward-Griffin & Marshall, 2003). I kvalitative studiar som har sett på pårørande sitt syn på samhandling, kjem det fram at dei ikkje føler seg verdsett og at kunnskapen dei har ikkje blir etterspurt (Dunér, 2010). Pårørande etterlyser også at helsepersonell har meir individuell tilnærming til samhandlinga (Dunér, 2010; McPherson et al., 2014). Thorsen (2001) peikar på at pårørande sjeldan blir medrekna som ein samarbeidspart i omsorgstenesta, dermed har dei liten moglegheit til å påverke sin eigen situasjon. Det er også retta kritikk mot manglande teoretisk rammeverk og metodar for samhandling mellom pårørande og helsepersonell (Kemp et al., 2013; Ward-Griffin & Marshall, 2003).

Vi har sett at ansvaret for eldre hjelptrengande primært er eit offentleg ansvar, utgangspunktet blir derfor at det er tenesta sitt ansvar å leggje til rette for god samhandling med pårørande. Helsepersonell har dermed eit ansvar for å sette seg inn i og prøve å forstå pårørande sine behov og situasjon, og dei er ansvarlege for at partane har felles mål, utvekslar informasjon og at samarbeidet byggjer på eit tillitsforhold. Helsepersonell sin kunnskap om pårørandeomsorg kan tenkast å vere ein viktig føresetnad for at helsepersonell skal kunne ta ansvar for samhandlinga med pårørande. Men vi veit lite om kva kunnskap helsepersonell treng i samhandling med pårørande.

Hensikta med denne litteraturgjennomgangen er å gjere greie for sentral kunnskap som helsepersonell i heimenesta kan ha nytte av i samhandling med pårørande til eldre heimebuande pasientar. Dette er kunnskap som vil danne eit grunnlag for helsepersonell sitt møte med, og samhandling med pårørande. Dei tema som blir tatt opp og drøfta her i det følgjande er konsekvensar av omsorgsansvar for pårørande, pårørande sine behov og situasjon, og korleis pasienten sine behov påverkar kva hjelp pårørande treng. Vidare blir helsepersonell sitt perspektiv på samhandling diskutert.

### **3 Kva kunnskap kan helsepersonell ha nytte av i møte med pårørande?**

Det er mange faktorar som påverkar korleis pårørande opplever omsorgsrolla, og kva hjelp og støtte dei ønskjer. Gjennom god samhandling skal helsepersonell ivareta pårørande og pasient. Helsepersonell må derfor ha kunnskap om pårørande sitt syn på kva som kan fremje god samhandling. Samtidig treng helsepersonell kunnskap om pårørande sin situasjon og behov, for å kunne identifisere pårørande som treng støtte, og for å kunne gi tilpassa støttetiltak.

#### **3.1 Konsekvensar av omsorgsrolla for pårørande**

Forsking har retta særskilt merksemd mot «byrdeperspektivet» for pårørande. Ulike studiar har sett på sjølvrappert livskvalitet og omsorgsbelastning hos pårørande (Papastavrou, Kalokerinou, Papacostas, Tsangari & Sourtzi, 2007; Pinguart & Sörensen, 2003; van Campen, de Boer & Iedema, 2013). Denne forsking viser at omsorgsrolla kan vere ei fysisk og psykisk belasting for pårørande, og dermed føre til dårlegare helse og redusert livskvalitet. Samla har forsking med fokus på «byrdeperspektivet» gitt kunnskap om den omfattande omsorgsoppgåva pårørande kan ha, og kva belastning det kan medføre. På denne måten kan pårørande sitt bidrag bli gjort meir synleg. Samtidig som kunnskapen gjer det mogeleg for helsepersonell å få innsikt og forståing for kva det inneberer for pårørande å bidra med omsorg.

Samtidig er det interessant å sjå at det også er forsking som peikar på at omsorgsrolla kan vere positiv for pårørande, og at pårøranderolla kan vere assosiert med høg livskvalitet (Ratcliffe, Lester, Couzner & Crotty, 2013; van Campen et al., 2013). Positive konsekvensar av pårøranderolla kan knyttast til at det opplevast som meiningsfullt og tilfredstillande å hjelpe sine nære familiemedlemmar til ein god alderdom (Dunér, 2010). Sjølv om studiane viser til positive konsekvensar for pårørande, kjem det fram at den positive opplevinga er med etterhald. I følgje van Campen et al. (2013) sin studie hadde pårørande sin sjølvrapperte livskvalitet samanheng med tidsbruk på omsorgsoppgåver, og omsorgsrolla vart opplevd som negativt når belastninga vart stor. Det kan i så fall tyde på at det er ein grense for kor omfattande omsorgsoppgåvene kan vere for at pårørande skal kunne oppleve omsorgsrolla som positiv. Eit stort ansvar og omfattande arbeid vil kanskje uansett bli opplevd som ei byrde og vere belastande for pårørande. Samtidig vil det vere variasjonar hos pårørande, og kanskje vil nokre pårørande synes at eit lite omsorgsansvar er krevjande.

Det er stilt fleire kritiske spørsmål til forskinga som omhandlar konsekvensar av uformell omsorg for pårørande. Kritikken peikar på at det ikkje alltid blir skilt mellom kva type hjelp pårørande bidrar med, praktiske eller pleieoppgåver, og at det heller ikkje blir sett på intensiteten av oppgåvene (Hansen, Slagsvold & Ingebretsen, 2013). Samtidig vil kulturelle forskjellar og ulikskapar i tilgangen til offentlege velferdsteneter kunne påverke pårørande si omsorgsrolle. Desse skilnadane må ein vere klar over når internasjonal forsking skal tolkast i ein nasjonal kontekst. Det er også peika på at vi har avgrensa kunnskap med utgangspunkt i dei pårørande sitt perspektiv og vurderingar. Blant anna har vi lite kunnskap om kva pårørande sjølv meiner er omsorgsoppgåver. Til dømes er det naturleg å tenkje at matlagning og husarbeid kan bli vurdert ulikt, alt etter om pårørande bur saman med pasienten eller ikkje. Det vil nødvendigvis vere store variasjonar i pårørande sitt syn og vurderingar, noko som vil bety at det er behov for mange ulike studiar med dette perspektivet. Til tross for desse avgrensingane har vi kunnskap om at omsorgsrolla kan få negative konsekvensar for pårørande, noko helsepersonell må ha kjennskap til for å førebygge at omsorgsbelastninga blir for stor.

### **3.2 Kva hjelp og støtte ønskjer pårørande**

Systematiske litteraturgjennomgangar viser at vi framleis manglar kunnskap om kva enkelttiltak i møte med pårørande som har dokumentert effekt (Lopez-Hartmann, Wens, Verhoeven & Remmen, 2012; Silva, Teixeira, Teixeira & Freitas, 2013). Grunnen til dette kan vere nettopp dei variasjonane som er innanfor gruppene, som det vart peika på overfor, noko som kan vere ein medverkande forklaring på at det er vanskeleg å dokumentere effekten av enkelttiltak (Lopez-Hartmann et al., 2012). Likevel seier studiane noko om intervensionar som er retta mot pårørande til eldre heimebuande, og kva som kan hjelpe for å redusere depresjon, stress og byrde for pårørande. Denne forskinga viser at tiltaka som kan hjelpe er avlastningsopphald på sjukeheim, opplæringstiltak, emosjonell støtte både på individ- og gruppenivå eller teknologibaserte intervensionar (Lopez-Hartmann et al., 2012). Felles for fleire av studiane er at dei vektlegg at hjelpetiltak for å støtte pårørande må vere individuelt tilpassa (Dunér, 2010; Lopez-Hartmann et al., 2012; McPherson et al., 2014; Silva et al., 2013).

I kvalitative studiar som undersøker pårørande si oppleveling av samhandlinga med helsetenesta, ser det ut som at god omsorg til pasienten er eit av dei viktigaste tiltaka helsepersonell kan bidra med overfor pårørande (Dunér, 2010; McPherson et al., 2014; Øyen et al., 2015). Pårørande beskriv at dei ikkje kan slappe av og gje frå seg svaret før dei er trygge på at pasienten får den hjelpa han treng (McPherson et al., 2014). Samtidig beskriv pårørande at dei kan godta at dei må utføre oppgåver som

eigentlig er helsepersonell sitt ansvar, dersom pasienten er nøgd med hjelpa som helsetenesta yter (Øyen et al., 2015).

Det at pårørande først og fremst påpeikar kor viktig god omsorg frå helsetenesta til pasienten er, og at dei er tilfreds når denne omsorga er tilfredstillande, kan kanskje bli forstått som at dei ønskjer at helsepersonell skal ta over omsorga. Det er derimot mange studiar som viser at pårørande ønskjer å bli involvert i omsorga for pasienten (Dunér, 2010; Silva et al., 2013; Thorsen, 2001). Dette tyder på at pårørande nødvendigvis ikkje vil at helsetenesta skal ha eineansvaret for omsorga.

Samtidig kan pårørande si framheving av at pasienten sine behov blir ivaretatt, bli forstått som at pårørande i stor grad vil sette eigne behov til side. Men studiar viser at pårørande gir uttrykk for at dei ønskjer individuelle tilpassingar der det blir tatt omsyn til kontekst, nettopp for at dei skal kunne ivareta eigne behov og ha fleire roller (Dunér, 2010; McPherson et al., 2014; Thorsen, 2001). Samtidig peikar studiane på at pårørande synes det er utfordrande å ivareta eigne behov. Eit eksempel på dette er pårørande som fortel om eit omfattande omsorgsansvar som medfører at dei ikkje får gjere ting dei har lyst til, som å besøke barnebarn eller gå på tur (Øyen et al., 2015). Dette kan tyde på at pårørande ønskjer avlasting for å ivareta eigne behov, og ikkje berre når dei er heilt utslitne.

Pårørande ønskjer også å bli involverte i planlegginga av omsorgstiltaka, slik at det blir mogeleg for dei å påverke sin eigen situasjon (Dunér, 2010; Thorsen, 2001). I lys av den norske kulturen si framheving av sjølvstende (Daatland & Herlofson, 2004), kan det tenkast at det er av stor verdi for pårørande at dei får vere med å bestemme korleis kvardagen deira skal vere.

Eit anna tiltak som pårørande opplever som viktig er deling av kunnskap (Øyen et al., 2015; Dunér, 2010). I desse kvalitative studiane uttrykker pårørande eit ønskje om at både helsepersonell, og pårørande sin kunnskap skal bli høyrt. I følgje pårørande er helsepersonell sin ekspertkunnskap viktig, då dei treng kunnskap om sjukdommen og korleis dei kan ivareta pasienten, samt informasjon om korleis dei kan ivareta eigenomsorg (Silva et al., 2013). Men samtidig framhevar Thorsen (2001) at pårørande også ønskjer at deira erfaringar med kva hjelp den eldre pasienten treng blir etterspurt. Dette kan tyde på at pårørande er bevisst på sitt eige bidrag og si eiga rolle i samhandlingssituasjonen. Når pårørande er bevisste på sitt eige bidrag kan det styrke deira oppleving av omsorgsrolla som meiningsfull. Samtidig kan pårørande sitt ønskje om kunnskapsdeling bli forstått som eit forsøk på å synleggjere sitt eige bidrag overfor helsepersonell.

I kvalitative studiar utført i Norge kjem det fram at pårørande er kritiske til manglande kontinuitet blant personale (Øyen et al., 2015; Midtbø & Kvåle, 2010; Thorsen, 2001). Når mange ulike helsepersonell er innom kan det blir vanskeleg for alle partane i samhandlinga, på grunn av manglande tillit og informasjon, samt manglande innsikt i den enkelte sin situasjon. Ein konsekvens av manglande kontinuitet kan i følgje Thorsen (2001) bli at pårørande opplever helsepersonell som oppgåveorienterte, og at dei dermed ikkje tar heilskapleg omsorgsansvar. Vidare kan manglande kontinuitet føre til at pårørande ikkje får tilstrekkeleg tillit til helsepersonell (Midtbø & Kvåle, 2010; Thorsen, 2001). I en slik situasjon kan vi stille spørsmål ved om det er mogeleg for pårørande å gje uttrykk for eigne behov. Samtidig kan det bli utfordrande for helsepersonell å gi god og tilpassa hjelpepassar dersom dei ikkje kjenner pasienten og pårørande sin situasjon.

Gjennomgangen her viser at pårørande ønskjer at samhandlinga med helsepersonell skal vere individuelt tilpassa, noko som bidrar til at pårørande også kan ivareta eigenomsorg. For å gjere individuelle tilpassingar bør helsepersonell kjenne til ulike sider av pårørande sin situasjon som kan påverke korleis dei opplever omsorgsrolla.

### 3.3 Pårørande sin situasjon

Overfor har vi sett at det kan vere store variasjonar i pårørande sine ønskjer og behov. Det er retta kritikk mot forskinga som omhandlar pårørande som omsorgsgivarar fordi det ikkje i stor nok grad blir tatt stilling til ulike forhold hos pårørande som kan ha innverknad på omsorgsrolla (Hansen et al., 2013). Mange ulike sosiale og demografiske kjenneteikn hos pårørande vil kunne påverke korleis dei opplever omsorgsrolla. Slike kjenneteikn kan vere alder, helsetilstand, utdanning, arbeid, fleire roller, økonomi, kjønn, relasjonen og om pasienten og pårørande bur saman. Fleire studiar understrekar at pårørande er ei heterogen gruppe, og at tiltak må vere individuelt tilpassa (Lopez-Hartmann et al., 2012; Zarit, Femia, Kim, & Whitlach, 2010). Det er likevel verdt å merke seg at vi har kunnskap som peikar på at omsorgsrolla kan ha meir negative konsekvensar for nokre grupper framfor andre, særskilt ser dette ut til å gjelde for kvinner og eldre pårørande (Pinquart & Sörensen, 2003).

Studiar har vist at også eldre pårørande bidrar med omsorg, då ofte i kombinasjon med offentleg omsorg (McGee, Molloy, O'Hanlon, Layte & Hickey, 2008; Sigurðardóttir & Bravell, 2013). Eit særskilt trekk ved eldre som omsorgspersoner, er at dei kan ha utfordringa knytt til eiga helse. Eldre pårørande som kombinerer omsorg for eiga helse med omsorg for familiemedlemmar, kan samla få omfattande omsorgsoppgåver (Jowsey, McRae, Gillespie, Banfield & Yen, 2013). Ein konsekvens av dette kan vere at det er lite som skal til før omsorgsbelastninga blir for stor, og dei sjølve vil trenge

hjelp frå helsetenesta. I tillegg vil eldre pårørande som bidrar med omsorg i mange tilfelle bu saman med pasienten, noko som også kan påverke opplevinga av byrde for pårørande (Lingsom, 1997). Ei årsak til at belastinga kan bli særskilt stor når ein bur saman, er at pårørande i stor grad vil vere på vakt heile døgnet.

Den andre gruppa som skil seg ut er kvinnelege pårørande. Fleire nasjonale og internasjonale studiar har vist at kvinner kan oppleve pårørande som meir belastande enn menn (Grov & Eklund, 2008; Lingsom, 1997; Pinquart & Sörensen, 2003). Ei forklaring på at kvinner opplever omsorgsrolla meir belastande enn menn, kan vere knytt til at kvinner utfører meir omsorg generelt. Samtidig kan det vere knytt større forventingar til kvinner sitt omsorgsbidrag, både frå helsetenesta, pasienten og kanskje også kvinner set større krav til seg sjølv. Kvalitative studiar omtalar at kvinner i større grad enn menn føler seg pressa til å ta på seg omsorgsrolla gjennom pasienten og samfunnet sine forventingar, og dermed opplever rolla som meir belastande (Dunér, 2010; Thorsen, 2001). Det er verdt å merke seg at ei ny undersøking i Norge ser ut til å støtte kvinnelege pårørande si oppleving av forventingar frå samfunnet, og da helsetenesta spesielt. I vignettundersøkinga kjem det fram at pasientar med mannlege pårørande ville fått tildelt meir hjelp frå heimenesta enn pasientar med kvinnelege pårørande (Berge, Øien & Jakobbson, 2014). Forventningane til kvinner som omsorgsgivarar kan ein knytte til tradisjonar og kultur (Thorsen, 2001). Kvinner har alltid hatt omsorgsansvar, noko som kan ha ført til at innsatsen er mindre synleg. Samtidig peikar ei kvalitativ studie på at menn som uformelle omsorgsgivarar blir meir verdsatt av samfunnet (Dunér, 2010). Kanskje tyder dette på at menn som omsorgsgivarar er meir synleg, noko som kan gjøre det lettare for dei å få hjelp og støtte, både frå det sosiale nettverket og frå velferdstenesta.

Haldningane og forventningane til kvinner som omsorgsgivar til eldre familiemedlemmar står altså framleis sterkt, både i samfunnet, hos pasienten og hos kvinne sjølv. Det er rimeleg å rekne med at forventingar frå pasienten og frå samfunnet til at pårørande skal ta på seg eit omsorgsansvar, kan bidra til motstridane følelsar for pårørande. Ambivalente haldningar til omsorgsrolla hos pårørande med omsorgsansvar er omtala i fleire studiar (Connidis, 2015; Dunér, 2010; Willson, Shuey & Elder, 2003). I følgje Willson et al. (2003) opplever kvinner i større grad enn menn denne ambivalansen. På den eine sida ønskjer pårørande å bidra med omsorg til familiemedlemmar som treng hjelp i eldre år. Det kan til dømes vere ut frå eit ønskje om å gjøre gjengjeld til foreldre som før har gitt mykje hjelp og støtte til dei (Øyen et al., 2015; Dunér, 2010). Men på den andre sida vil pårørande oppleve at omsorga går ut over andre plikter, eigne interesser eller yrkesaktivitet.

Ei potensiell rollekonflikt som har fått stor politisk merksemd er mellom rollene omsorgsgivar og arbeidstakar (NOU 2011:11, 2011). I utgreiinga blir det framheva at helsetenesta må motverke at fleire roller blir ei ekstra belastning for pårørande. Det er derimot studiar som viser at ein kombinasjon av meiningsfulle aktivitetar, som arbeidstakar og uformell omsorgsgivar, kan vere positivt for pårørande (van Campen et al., 2013). Ei forklaring på at ulike roller kan bidra positiv og hindre oppleving av ambivalens, kan vere knytt til at fleire roller bidrar til eit sosialt nettverk, som potensielt kan gi støtte. Andre studiar har omtala at fleire roller og aktivitetar kan verke som ein stressbuffer for pårørande (Hansen et al., 2013). Resultata frå denne norsk studien antyda at det ikkje er ein spesiell risiko ved å kombinere arbeid med omsorgsansvar for foreldre.

Motstridande følelsar kan dermed påverke korleis pårørande opplever og utfører omsorgsrolla. I denne samanhengen blir ambivalens trekt fram som eit viktig fenomen, som då også helsepersonell bør kjenne til, for å forstå dynamikken, kompleksiteten og til tider krevjande motsetningar i familielivet (Bengtson, 2001; Connidis, 2015).

Vi ser her at ein føresetnad for god samhandling kan vere at helsepersonell ser dei ulike aspekta i pårørande sin situasjon, og forsøker å forstå kva innverknad det kan ha på pårørande si oppleving av omsorgsrolla og behova til pårørande. I tillegg til at forhold hos pårørande sjølve kan ha noko å seie for korleis dei vil at møtet med helsepersonell skal vere, vil også pasienten sine behov verke inn på samhandlinga.

### **3.4 Behova til pasienten**

Gjennomgangen av litteraturen overfor peikar i stor grad på variasjonar hos pårørande, samtidig ser vi at pasienten sin diagnose og behov for hjelp kan påverke kva utfordringar pårørande står overfor. Grov og Eklund (2008) har i sin studie samanlikna pårørande til eldre skrøpelege med pårørande til pasientar med kreft i palliativ fase. Resultata tyder på at omsorgsrolla overfor skrøpelege eldre er meir krevjande enn å gi omsorg til eit familiemedlem med kreft i palliativ fase. I følgje forfattarane kan årsaker til dette vere at pårørande står i omsorgsrolla over tid, samtidig som omsorgsoppgåvene kan vere omfattande. Pasienten sitt behov for hjelp, både i omfang og oppgåver, vil dermed ha innverknad på omsorgsrolla for pårørande.

Det vil då vere naturleg å tenkje at auka hjelp frå helsetenesta vil bidra til at belastninga til pårørande blir redusert. I denne samanhengen må ein vere merksam på at auka offentleg hjelp, ikkje nødvendigvis vil kunne fungere avlastande på alle områder for pårørande. Sjølv om andre tar over

deler av omsorga, kan både den følelsesmessige belastinga og anna innsats gjere til at pårørande framleis opplever omsorga som tyngande. Internasjonal forsking viser eit meir komplekst bilet av støtte og avlastningstiltak. Resultata tyder på at det er usikkert kva innverknad auka hjelp til «Activity Daily living» frå formelle omsorgsgivarar har på den psykiske belastninga til pårørande (Malhotra, Malhotra, Østbye, Matchar & Chan, 2012). Det kjem fram i studien at dette avheng av hukommelsen og åtferdsproblema til pasienten. For å forstå opplevinga av belasting hos pårørande, må ein derfor kjenne til korleis pasienten sin sjukdom påverkar pårørande sin situasjon. Til dømes vil personar med demens endre personlegdom, noko som kan føre til tap av kontroll, einsemd, byte av rolle og tap av fridom og samkjensle hos pårørande (Jakobsen & Homelien, 2013; Malhotra et al., 2012). Pårørande til personar med demens vil oppleve fleire tap, samtidig som dei kan vere urolege for pasienten og oppleve eit stort ansvar for å passe på pasienten, av og til gjennom heile døgnet.

Gjennomgangen viser at pårørande i stor grad ønskjer å bidra med omsorg. Derfor må helsepersonell gi støtte og avlastning som er tilpassa den enskilde pårørande sin situasjon, slik at omsorgsrolla kan bli ei positiv opplevelse. Gode individuelle tilpassingar kan bety fleksible løysingar, og at helsepersonell må gjere sjølvstendige vurderingar i møte med pårørande, noko som peikar på eit behov for kunnskap hos helsepersonell. Vidare i oppgåva blir derfor helsepersonell sitt utgangspunkt for samhandling med pårørande diskutert.

## 4 Kva opplæring har helsepersonell i pårørrandearbeid

Nasjonalt er det lite forsking om kva kunnskap helsepersonell kan ha nytte av i samhandling med pårørande, og om dei har denne kunnskapen. Resultata frå min eigen studie, jfr. vedlagt artikkel, viser at helsepersonell i liten grad har deltatt på opplæring i pårørrandearbeid. Sørfonden og Finstad (2012) har også, på bakgrunn av ein pensumgjennomgang, diskutert om familie- og pårørrandeperspektivet er for lite vektlagt i norske sjukepleieutdanningar. I andre land blir det lagt vekt på familien i utdanninga, og det er ulike tilnærmingar til opplæring om familien (Nyirati, Denham, Raffle & Ware, 2012). Det blir argumentert for at dersom familien skal bli ein sentral del av sjukepleiepraksis, må teoriar om og praktisk tilnærming til arbeid med familien inkluderast i utdanninga (Chu Kee Lee, Shing On, Siu LingChan & Chung, 2010; Fast Braun, Hyndman & Foster, 2010; Murray, 2008). På denne måten kan det å tenke på familien bli ein integrert del av sjukepleiepraksis (Chu Kee Lee et al., 2010; Fast Braun et al., 2010).

## **4.1 Helsepersonell sitt perspektiv på familien**

Opplæring om familien og pårørende sin situasjon vil vere nyttig kunnskap for helsepersonell i samhandling med pårørende, samtidig vil også ulike teoretiske perspektiv kunne bidra til innsikt og forståing.

Ei vanleg mening som blir uttrykt i nasjonal sjukepleielitteratur om familien, er at sjukepleie og medisin tradisjonelt sett har hatt enkeltindivid i fokus innanfor eldreomsorga (Kirkevold, 2001). Det er derfor ei vanleg tru at helsepersonell sitt perspektiv har hatt det sjuke menneske i fokus for pleie og omsorg, og familien blir sett på som kontekst for pleie (Kirkevold, 2001). Dette synet inneber ei oppfatning av at sjukdommen vil påverke heile familien, men det er pasienten som er fokus for pleia, og pårørende blir inkludert gjennom ei holistisk tilnærming. Eit anna, og til dels konkurrerande syn på familien, er perspektivet som ser på familien som ei einig (Wright & Leahey, 2009). Dette synet, familien som ei eining, er forankra i systemteoretisk perspektiv, og har ei forståing av at endringar i ein del av systemet får konsekvensar for heile systemet. Omsorgstiltaka vil derfor inkludere heile familien. Dette perspektivet er utbreidd internasjonalt, og veklagt i utdanninga med program som inneholder sjukepleie til familien (Chu Kee Lee et al., 2010; Nyirati et al., 2012)

I denne samanhengen kan ein stille spørsmål ved om andre trendar i utviklinga av teneste til eldre og familien, i realiteten peikar mot ei meir oppsplitting av tenestene, som i så fall skulle innebere vanskar med å få til eit heilskapleg tilbod til familien. Ein ny norsk rapport peikar på ein tendens til ei dreiling frå heilskapleg omsorg og pleie, til meir behandling og pleie i kommunehelsetenesta (Abelsen et al., 2014). Dette skiftet ser ut til å gjelde for heile kommunehelsetenesta, også heimetenesta. Samtidig viser undersøkingar etter samhandlingsreforma vart innført at helsepersonell rapporterer om eit større ansvar for komplekse oppgåver, og mindre tid til omsorgsoppgåver og psykisk støtte (Gautun & Syse, 2013; Øyen et al., 2015). Ettersom pårørende tradisjonelt har blitt inkluderte gjennom at helsepersonell har tenkt heilskapleg i møte med pasienten, kan ein stille spørsmål ved korleis endringane vil påverke merksemda mot pårørandeomsorga. Kanskje er denne utviklinga ei motsetning til pårørende sine ønskjer om individuell tilpassing og at det blir tatt omsyn til kontekst.

## **4.2 Utfordringar ved samhandling**

I samhandlingssituasjoner er det retta kritikk mot helsepersonell sitt opplæringsperspektiv, og dermed ekspertrolle i møte med pårørende. Det har blitt hevd at opplæringsperspektiv har vore ein sentral del av sjukepleiar sitt møte med pårørende (Kirkevold, 2001). Kontakta mellom sjukepleiar og pårørende har då omfatta formidling av kunnskap, informasjon, opplæring og motivasjonsarbeid. I

følgje Kirkevold (2001) har også pårørande sine forventingar til helsevesenet vore knytt til det å få informasjon og kunnskap. Forsking peikar på at opplæringsperspektivet kan medføre avgrensingar i samhandlinga mellom pårørande og helsepersonell, fordi det ikkje i stor nok grad inkluderer deling av kunnskap. Kritikken som blir retta mot dette område omhandlar at pårørande opplever at deira kunnskap ikkje blir etterspurt og verdsett (Dunér, 2010; McPherson et al., 2014). Når helsepersonell ikkje etterspør pårørande sin kunnskap, kan det blir forstått som at dei ikkje ser pårørande sitt bidrag. På den andre sida er det studiar som nettopp viser at helsepersonell ser pårørande sitt bidrag (Laugaland, Aase, & Barach, 2012; Tønnessen et al., 2009). Manglande deling av kunnskap kan tyde på at pårørande sin kunnskap om pasienten og om familien ikkje blir vektlagt når helsepersonell skal planlegge og utføre tiltak. Som følgje av dette kan kanskje manglande informasjonsutveksling og involvering i planlegginga av omsorgstiltaka bli eit hinder for individuelt tilpassa tiltak, både i møte med pasienten og med pårørande.

På den andre sida vil det vere mange fordelar ved at helsepersonell har med seg dette opplæringsperspektivet, ettersom helsepersonell har kunnskap som pårørande kan ha nytte av i omsorgsarbeidet. Helsepersonell vil både ha fokus på opplæring for å ivareta pasienten, og for at pårørande skal kunne ivareta eigen helse. På bakgrunn av sin fagkunnskap har helsepersonell ein ekspertrolle i denne samanhengen, noko som kan bidra til at pårørande får tillit og føler seg trygg (Thorsen, 2001).

Fleire kvalitative studiar omtalar at helsepersonell opplever utfordringar i samhandling med pårørande. Ei utfording som blir omtala er samhandlingssituasjonar der pasient og pårørande har ulik oppfatning av situasjonen og omsorgsoppgåvene (McPherson et al., 2014). I slike situasjonar er det ikkje alltid at helsepersonell eller pasient ser på pårørande som ein positiv bidragsytar, og helsepersonell må i enkelte tilfelle navigere rundt pårørande for å ivareta pasienten sine ønskjer (McPherson et al., 2014). Ei anna utfording helsepersonell beskriv er pårørande som har store forventningar til kva hjelp dei kan få, noko som kommunehelsetenesta ikkje alltid kan innfri (Jakobsen & Homelien, 2013; Storm et al., 2014). Resultata frå Tønnessen et al. (2009) sin studie peikar på at helsepersonell meiner at dei pasientane og pårørande som krev mest, får mest hjelp. Det kjem fram at helsepersonell opplever dette som urettferdig. Men vi har lite kunnskap om korleis fordelinga av tilbodet faktisk blir påverka av pårørande sitt bidrag. Samla kan desse resultata bli forstått som at helsepersonell er usikker på kva som er det offentlege sitt ansvar og kva som er pårørande sitt ansvar, samt at det dei er usikre på rammevilkåra for samhandlinga med pårørande.

Dette kan bety at helsepersonell treng meir kunnskap, samt at det peikar på behov for meir systematisk tilnærming til samhandling med pårørande.

### **4.3 Korleis betre samhandlinga med pårørande?**

Fleire studiar har retta kritikk mot manglande teoretisk rammeverk og metodar for å fremje eit godt samarbeid mellom pasient, pårørande og det offentlege (Dunér, 2010; Kemp et al., 2013; Tønnessen et al., 2009; Ward-Griffin & Marshall, 2003). Helsepersonell vil dermed kunne trenge kunnskap om ulike modellar og verkemiddel som kan fremje god samhandling. Eit verkemiddel, blant fleire, er kartleggingsverktøy som er utvikla for å få kunnskap om pårørande sin situasjon. Kartleggingsverktøy kan bidra til at helsepersonell får innsikt i pårørande sine behov og deira situasjon, samt nyttast til dokumentasjon (Grov & Eklund, 2008; Lévesque et al., 2010). Lévesque et al. (2010) har sett på nytten av verktøyet «Family Caregivers Support Agreement». I studien kom det fram at pårørande hadde positiv erfaring med bruken av verktøyet, dei følte seg høyrt, fekk reflektert over sin eigen situasjon og dei fekk delta i avgjersler. Helsepersonell framheva det som positivt at dei fekk innsikt i pårørande sin situasjon, men dei hadde motstridande opplevingar knytt til tidsbruken med kartleggingsverktøy. Det kom fram at dei var kritiske til at det var tidkrevjande å gå gjennom spørsmåla med pårørande, men samtidig erkjente helsepersonell at det kanskje var tidsaspektet som var viktig for at pårørande skulle føle seg høyrt og få tillit til helsepersonell. Den positive effekten av å sette av tid til samtale vart understreka frå både pårørande og helsepersonell.

Kanskje kan manglande systematisk tilnærming føre til at det i stor grad bli opp til kvar ein skild helsepersonell å vurdere pårørande sitt behov, og korleis dei skal gå fram i ulike samhandlingssituasjonar. Samtidig ser det ut til at gjennomføring av systematisk kartlegging kan bidra til at det blir satt av tid i ein travel kvardag til å snakke med pårørande. I tillegg kan det vere eit utgangspunkt for dokumentasjon av pårørande sin situasjon, noko som kan bidra til informasjonskontinuitet. Sjølv om kartleggingsverktøy kan gi eit godt utgangspunkt for samhandling, vil det vere måten ein nyttar kunnskapen om pårørande sin situasjon og behov, som vil ha innverknad på om pårørande opplever samhandlinga som god. Bruk av denne type verktøy må også sjåast i samanheng med pårørande sitt behov for individuelt tilpassa tenester, som påpeika overfor. Fleire av resultata her tyder på at fleksible og tilpassa løysingar legg grunnlag for eit godt samarbeid. På bakgrunn av desse resultata kan ein peike på avgrensingar ved å ha alt for spesifikke retningslinjer. Kanskje er det først og fremst kunnskap om pårørande sine behov, og forståing for pårørande sin situasjon som vil kunne bidra til god samhandling.

## 5 Konklusjon

Pårørande har ei viktig omsorgsrolle overfor eldre pasientar som bur heime. Gjennom god samhandling kan helsepersonell gi individuelt tilpassa støtte og hjelp til pårørande. Kunnskap om og forståing av pårørande og pasienten sin situasjon er ein føresetnad for å gi god og tilpassa hjelp.

Gjennomgangen viser at det er omfattande forsking på kva ønskjer og behov pårørande har. Dette er viktig kunnskap for helsepersonell som skal skape ein god samhandlingssituasjon med pårørande. Vi veit lite om helsepersonell faktisk har den kunnskapen som trengst for å leggje til rette for god samhandling. Helsepersonell bør derfor få opplæring i dei ulike forskingsområda innanfor pårørandeomsorg, for å bidra til at helsepersonell får kunnskap om dei ulike perspektiva. For å kunne identifisere pårørande som treng hjelp og støtte, bør helsepersonell kjenne til at omsorgsrolla kan opplevast meir negativt for kvinner og eldre pårørande. Samtidig peikar resultata på at helsepersonell treng meir kunnskap om kva som er helsetenesta sitt ansvar i samhandling med pårørande.

Vi har framleis ikkje noko eintydig svar på korleis vi kan ivareta den einskilde pårørande, og mykje tyder på at samarbeidet mellom familien og det offentlege er lite utvikla. I ei tid med store endringar i kommunehelsetenesta kan derfor eit viktig bidrag i pårørandeomsorga, i tillegg til auka kunnskap, vere at helsetenesta har ei meir systematisk tilnærming til dette arbeidet.

## Litteraturliste

- Abelsen, B., Gask, M., Nødland, S. I. & Stephansen, A. (2014). *Samhandlingsreformens konsekvenser for det kommunale pleie -og omsorgstenesten*. (Rapport 382/2014). Stavanger: International Research Institute of Stavanger.
- Bengtson, V. L. (2001). The Burgess Award Lecture: Beyond the Nuclear Family: The Increasing Importance of Multigenerational Bonds. *Journal of Marriage and Family*, 63(1), 1-16. doi: 10.2307/3599955
- Berge, T., Øien, H. & Jakobbson, N. (2014). *Formell og uformell omsorg: Samspillet mellom familien og velferdsstaten*. (NOVA Notat 3/2014). Oslo: Velferdsforskningsinstituttet NOVA.
- Bukve, O. & Kvåle, G. (2014). Eit lokalt helse- og velferdssystem under press. Oslo: Universitetsforlaget.
- Chu Kee Lee, A., Shing On, L., Siu LingChan, P. & Chung, J. O. K. (2010). Perceived Level of Knowledge and Difficulty in Applying Family Assessment Among Senior Undergraduate Nursing Students. *Journal of Family Nursing*, 16(2), 177-195. doi: 10.1177/1074840710366566
- Connidis, I. A. (2015). Exploring Ambivalence in Family Ties: Progress and Prospects. *Journal of Marriage and Family*, 77(1), 77-95. doi: 10.1111/jomf.12150
- Daatland, S. O. & Veenstra, M. (2012). *Bærekraftig omsorg? Familien, velferdsstaten og aldringen av befolkningen*. (NOVA Rapport 2/2012). Oslo: Norsk institutt for forskning av oppvekst, velferd og aldring.
- Daatland, S. O. & Herlofson, K. (2004). *Familie, velferdsstat og aldring: Familiesolidaritet i et europeisk perspektiv* (NOVA Rapport 7/2004). Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst velferd og aldring.
- Daatland, S. O., Herlofson, K. & Lima, I. A. (2011). Balancing generations: on the strength and character of family norms in the West and East of Europe. *Ageing & Society*, 31(07), 1159-1179. doi:10.1017/S0144686X10001315

- Daatland, S. O., Slagsvold, B. & Lima, I. A. (2009). Population ageing, intergenerational solidarity and the family-welfare state balance: a comparative exploration. In A, Vikal, A Kveder, K, Hausotter & L. Rienecker. *How generations and gender shape demographic change: Towards policies based on better knowledge* (s. 127-138). United Nations Economic Commission for Europe
- Dunér, A. (2010). Motives, experiences and strategies of next of kin helping older relatives in the Swedish welfare context: a qualitative study. *International Journal of Social Welfare*, 19(1), 54-62. doi: 10.1111/j.1468-2397.2008.00631.x
- Engedal, K. (2008). *Alderspsykiatri i praksis : lærebok*. (2. Utg.). Tønsberg: Forlaget Aldring og helse.
- Fast Braun, V., Hyndman, K. & Foster, C. (2010). Family Nursing for Undergraduate Nursing Students: The Brandon University Family Case Model Approach. *Journal of Family Nursing*, 16(2), 161-176. doi: 10.1177/1074840710366565
- Gautun, H. & Syse, A. (2013). *Samhandlingsreformen: hvordan tar de kommunale helse- og omsorgstjenestene i mot det økte antallet pasienter som skrives ut fra sykehusene?* (NOVA rapport 8/2013). Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Grov, E. K. & Eklund, M. L. (2008). Reactions of primary caregivers of frail older people and people with cancer in the palliative phase living at home. *Journal of Advanced Nursing*, 63(6), 576-585. doi: 10.1111/j.1365-2648.2008.04736.x
- Hansen, T., Slagsvold, B. & Ingebretsen, R. (2013). The Strains and Gains of Caregiving: An Examination of the Effects of Providing Personal Care to a Parent on a Range of Indicators of Psychological Well-Being. *Social Indicators Research*, 114(2), 323-343. doi: <http://dx.doi.org/10.1007/s11205-012-0148-z>
- Jakobsen, R. & Homelien, S. (2013). Comprehending the situation of family caregivers with a relative having dementia. *Geriatrisk Sykepleie*, 5(1), 22-28.

Jakobsson, N., Hansen, T. & Kotsadam, A. (2012). Er det sammenheng mellom uformell og formell omsorg i Norge? *Tidsskrift for velferdsforskning*, 15, 168-175.

Jowsey, T., McRae, I., Gillespie, J., Bandfield. M. & Yen, L. (2013). Time to care? Health of informal older carers and time spent on health related activities: an Australian survey. *BMC Public Health*. 13:374 . <http://www.biomedcentral.com/1471-2458/13/374>

Kassah, B. L. L., Tønnessen, S. & Tingvoll, W. A. (2014). Samhandlingsreformen: utfordringer, løsninger og implikasjoner. I B.L.L. Kassah, W. A. Tingvoll & A. K. Kassa (Red.), *Samhandling under luppen*. (s. 51-64). Bergen: Fagbokforlaget.

Kemp, C. L., Ball, M. M. & Perkins, M. M. (2013). Convoys of care: Theorizing intersections of formal and informal care. *Journal of Aging Studies*, 27(1), 15-29. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.jaging.2012.10.002>

Kirkevold, M.(2001). Familiens plass i sykepleien. I M. Kirkevold & K. S. Ekern (Red.), *Familien i sykepleiefaget*. (s. 21-61). Oslo: Gyldendal akademisk.

Laugaland, K., Aase, K. & Barach, P. (2012). Interventions to improve patient safety in transitional care - a review of the evidence. *Work*, 41, 2915-2924.

Lévesque, L., Ducharme, F., Caron, C., Hanson, E., Magnusson, L., Nolan, J. & Nolan, M. (2010). A partnership approach to service needs assessment with family caregivers of an aging relative living at home: A qualitative analysis of the experiences of caregivers and practitioners. *International Journal of Nursing Studies*, 47(7), 876-887. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.ijnurstu.2009.12.006>

Lingsom, S. (1997). *The Substitution Issue: Care policies and their consequences for family care* (NOVA-Rapport 6/1997). Norwegian Social Research.

Lopez-Hartmann, M., Wens, J., Verhoeven, V. & Remmen, R. (2012). The effect of caregiver support interventions for informal caregivers of community-dwelling frail elderly: a systematic

review. *International Journal of Integrated Care*, 12(10)/8 URN:NBN:NL:UI:10-1-1131108/ijic2012-133

Malhotra, C., Malhotra, R., Østbye, T., Matchar, D. & Chan, A. (2012). Depressive symptoms among informal caregivers of older adults: insights from the Singapore Survey on Informal Caregiving. *International Psychogeriatrics*, 24(8), 1335-1346. doi: 10.1017/S1041610212000324

McGee, H. M., Molloy, G., O'Hanlon, A., Layte, R. & Hickey, A. (2008). Older people recipients but also providers of informal care: an analysis among community samples in the Republic of Ireland and Northern Ireland. *Health & Social Care in the Community*, 16(5), 548-553.

McPherson, K. M., Kayes, N. K., Moloczij, N. & Cummins, C. (2014). Improving the interface between informal carers and formal health and social services: A qualitative study. *International Journal of Nursing Studies*, 51(3), 418-429. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.ijnurstu.2013.07.006>

Meld. St. nr. 29 (2012-2013). (2013). *Morgendagens omsorg*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.

Midtbø, T. & Kvåle, G. (2010). Perspektiv på samspel, kontinuitet og kvalitet i omsorgstenester for pasientar med demens i heimetenesta. *Norsk tidsskrift for Sykepleieforskning*, 12(3), 37-47.

Murray, I. (2008). Family Health Nurse Project: An Education Program of the World Health Organization: The University of Stirling Experience. *Journal of Family Nursing*, 14(4), 469-485. doi: 10.1177/1074840708327965

NOU 2011:11. (2011). *Innovasjon i omsorg*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.

Nyirati, C. M., Denham, S. A., Raffle, H. & Ware, L. (2012). Where is Family in the Family Nurse Practitioner Program? Results of a U.S. Family Nurse Practitioner Program Survey. *Journal of Family Nursing*, 18(3), 378-408. doi: 10.1177/1074840712443872

Helse og omsorgsdepartementet (2008). *Pårørende - en ressurs*. (Veileder IS-1512). Oslo: Helsedirektoratet.

Helse og omsorgsdepartementet (2010). *Barn som pårørende*. (Rundskriv IS-5/2010). Oslo:  
Helsedirektoratet.

Pasient- og brukerrettighetsloven (2001). *Lov om pasient- og brukerrettigheter*. Henta frå  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63>

Pinquart, M. & Sörensen, S. (2003). Differences between caregivers and noncaregivers in psychological health and physical health: A meta-analysis. *Psychology and Aging, 18*(2), 250-267. doi: 10.1037/0882-7974.18.2.250

Ratcliffe, J., Lester, L. H., Couzner, L. & Crotty, M. (2013). An assessment of the relationship between informal caring and quality of life in older community-dwelling adults - more positives than negatives? *Health & Social Care in the Community, 21*(1), 35-46. doi: 10.1111/j.1365-2524.2012.01085.x

Romoren, T. I. (2003). *Last Years og Long Lives: The Larvik study*. London: Routledge.

Rønning, R., Schanke, T. & Johansen, V. (2009). Frivillighetens muligheter i eldreomsorgen. (Vol. 11). Lillehammer: Østlandsforkning.

Sigurðardóttir, S. H. & Bravell, M. E. (2013). Older caregivers in Iceland: providing and receiving care. *Nordic Social Work Research, 3*(1), 4-19. doi: 10.1080/2156857X.2013.768180

Silva, A. L., Teixeira, H. J., Teixeira, M. J. C. & Freitas, S. (2013). The needs of informal caregivers of elderly people living at home: an integrative review. *Scandinavian Journal of Caring Sciences, 27*(4), 792-803. doi: 10.1111/scs.12019

St. Meld. nr. 47 (2008-2009). (2009). *Samhandlingsreformen: rett behandling - på rett sted - til rett tid*. Oslo: Helse- og Omsorgsdepartementet.

Storm, M., Siemsen, I. M. D., Laugaland, K. A., Dyrstad, D. N., & Aase, K. (2014). Quality in transitional care of the elderly: Key challenges and relevant improvement measures. *International Journal of Integrated Care, 2014*;april-jun; URN:NBN:NL:U1:10-1-11478

Sørfonden, W. B. & Finstad, H. H. (2012). Familieperspektivet i sykepleierutdanning og yrkesutøvelse. *Nordisk Tidsskrift for Helseforskning*, 8, 75-83

Thorsen, A. (2001). Den gamle, familien og sykepleieren. I M. Kirkevold & K. S. Ekern (Red.), *Familien i sykepleiefaget* (s. 170-187). Oslo: Gyldendal akademisk.

Tønnessen, S., Førde, R. & Nortvedt, P. (2009). Fair Nursing Care When Resources Are Limited: The Role of Patients and Family Members in Norwegian Home-Based Services. *Policy, Politics, & Nursing Practice*, 10(4), 276-284. doi: 10.1177/1527154409357108

van Campen, C., de Boer, A. H. & Iedema, J. (2013). Are informal caregivers less happy than noncaregivers? Happiness and the intensity of caregiving in combination with paid and voluntary work. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*, 27(1), 44-50. doi: 10.1111/j.1471-6712.2012.00998.x

Ward-Griffin, C. & Marshall, V. W. (2003). Reconceptualizing the relationship between "public" and "private" eldercare. *Journal of Aging Studies*, 17(2), 189-208. doi: [http://dx.doi.org/10.1016/S0890-4065\(03\)00004-5](http://dx.doi.org/10.1016/S0890-4065(03)00004-5)

Willson, A. E., Shuey, K. M. & Elder, G. H. (2003). Ambivalence in the Relationship of Adult Children to Aging Parents and In-Laws. *Journal of Marriage and Family*, 65(4), 1055-1072. doi: 10.1111/j.1741-3737.2003.01055.x

Wright, L. M. & Leahy, M. (2009). *Nurses and families: a guide to family assessment and intervention*. (5 utg.). Philadelphia: F.A. Davis.

Ytrehus, S. (2012). Bostadspolitik och det offentligas utbud av bostäder till ålderdomsboende i Norge. I M. Abramsson & C. Nord (Red.), *Åldres boende: forskningsperspektiv i Norden*. (s.35-50). Lund: Studentlitteratur.

Zarit, S. H., Femia, E. E., Kim, K. & Whitlach. (2010). The structure of risk factors and outcomes for family caregivers: Implications for assessment and treatment. *Aging & Mental Health*, 14(2), 220-231.

Øyen, K. R., Corneliusen, H., Sunde. O.S., Mittenmeier, E., Strand, G., Solheim, M. & Ytrehus, S., (2015). *Hvordan har hjemmetjenesten i Sogn og Fjordane tilpasset seg samhandlingsreformen?* (Vol. R-NR 1). Vestlandsforskning/ Høgskulen i Sogn og Fjordane.

## Vedlegg 1

### Metode

Dette er ein litteraturgjennomgang som har drøfta tidlegare forsking på området. Litteraturen vart skaffa til veie ved å gjennomføre søk etter relevant litteratur i ulike databaser, og på forskjellige tidspunkt. Det vart gjennomført søk i januar 2014, juni 2014 og februar 2015. For å finne fram til relevante søkeord, vart det gjennomført søk etter «Mesh» ord i «Svemed+», samt ved gjennomgang av nøkkelord i artiklar. Søk etter litteratur vart derfor utvida med fleire søkeord ved det siste søket.

Det vart utført søk i “Academic Search Premier”, der databasane «Cinahl» og «Medline» vart valt. Søket vart avgrensa til å inkludere berre engelske artiklar. Søkeorda som vart nytta; home care, community dwelling, home care service, family caregiver, primary caregiver, informal caregiver, family carer, shared care, cooperative, cooperative behavior, collaboration, nursing education, education, competence, clinical competence, involvement, elderly, old age, Norway.

Enkeltsøk med desse søkeorda gav fleire tusen treff. For å utføre kombinerte søk, vart synonymord slått saman ved hjelp av «or», og deretter kombinert med «and». Resultata frå det systematiske søket;

Home care service/home care/community dwelling AND nursing education

/education/competence/clinical competence AND Norway = 146

Family carer/informal caregiver/primary caregiver/family caregiver AND nursing education

/education/competence/clinical competence AND collaboration/shared

care/cooperative/cooperative behavior = 165

Home care service/home care/community dwelling AND Family carer/informal caregiver/primary caregiver/family caregiver AND Norway = 6

Home care service/home care/community dwelling AND Family carer/informal caregiver/primary caregiver/family caregiver AND participation/shared care/involvement/cooperative behavior/cooperative behavior = 75

Det er også gjort søk i «SveMed+», i tildsskrifta “Sykepleie forskning”, “Nordisk tidsskrift for helsetjenesteforskning” og på heimesida til Velferdsforskningsinstituttet NOVA. Relevante artiklar er også skaffa ved gjennomgang av litteraturlista til artiklar som er lest.

Søkeorda gav mange treff, det er derfor gjennomført kombinasjon av dei ulike søkeorda. Relevante forskingsartiklar som var aktuelle knytt til fokuset for studien vart inkludert. Dette gjaldt artiklar som omhandlar heimetenesta, pårørande som omsorgsgivar og eldre pasientar som bur heime. Det er ikkje gjort avgrensingar i forhold til ulike somatiske sjukdommar. For dei fleste studiane er ikkje pasienten sin diagnose oppgitt, unnataket er forsking på demensomsorga. Studiar som omhandlar pasientar med psykiatriske lidingar er ekskludert, fordi samhandling med pårørande då kan vere av ein anna karakter. Pårørande som er inkludert har ulik relasjon til pasienten, men det er flest ektefelle eller vaksne barn i studiane som er inkludert. Hovudfokuset har vore pårørande til den eldste pasientgruppa, men nokre av studiane som er inkludert har ikkje tatt omsyn til pasienten sin alder. Denne litteraturgjennomgangen har retta seg mot alt helsepersonell, men det er derimot ikkje funnet forsking som berre omhandlar helsefagarbeidarar/ hjelpepleiarar/ omsorgsarbeidarar si samhandling med pårørande. Studiane som er inkludert omhandlar derfor i stor grad sjukepleiarar.

Det har vore utfordrande å få oversikt over litteraturen, kanskje hadde litteraturgjennomgangen blitt meir oversiktleg dersom det var avgrensingar for til dømes pasienten sin diagnose. Men samtidig vil mangfaldet kunne spegle realiteten i heimetenesta. Framskaffinga av litteratur følgjer ikkje krava til, og må derfor ikkje blir forstått som ein systematiske oversikt. Ei svakheit vil dermed vere at det sannsynlegvis er relevante forsking som ikkje er omtala i denne litteraturgjennomgangen, og som kunne kasta lys over fleire nyansar av den komplekse samhandlingssituasjonen.

Vedlegg 2

## **Samhandling med pårørende – har helsepersonell deltatt på opplæring?**

### **Collaboration with primary caregivers – participation of healthcare professionals in learning courses**

Olivia Sissil Sunde. E-post; [Olivia.Sissil.Sunde@hisf.no](mailto:Olivia.Sissil.Sunde@hisf.no), tlf. 57822503

Høgskulen i Sogn og Fjordane. Svanehaugvegen 1 6812 Førde

#### **Abstract**

Primary caregivers are an important resource for providing care for elderly patients living at home, however caring can be challenging. Little is known about Norwegian healthcare professional's participation in learning courses and their competence in terms to give help and support to primary caregivers.

The purpose of this study was to investigate whether healthcare professionals have been educated about the needs of primary caregivers. In addition to determine whether assessment of primary caregiver's needs and contribution was related to healthcare professionals participation in learning courses. A survey with structured questionnaire was sent to healthcare professionals who provided home care in 23 municipalities, in one county in Norway.

This study gave no clear answer about how the healthcare professional's training affected their collaboration with primary caregivers. However, the results indicated that healthcare professionals need more education about primary caregiver's situation.

**Keywords:** healthcare professionals; education; primary caregiver; collaboration; questionnaire; helsepersonell; opplæring; pårørende; samhandling; spørjeskjema

## **Introduksjon**

God samhandling mellom pårørande og helsetenesta blir sett på som ein viktig og nødvendig del av eldreomsorga (Meld. St. nr. 29 (2012-2013), 2013; NOU 2011:11, 2011; St. Meld. nr. 47 (2008-2009), 2009). Ei årsak til dette er at alderssamansetninga i befolkninga er i endring, og vi blir stadig fleire eldre. Politiske styringssignal rettar derfor merksemda mot at vi må ta i bruk samfunnet sine samlte omsorgsressursar på ein ny måte, med grunnlag i eit offentleg ansvar, for å sikre berekraftige tenester for framtida (Meld. St. nr. 29 (2012-2013), 2013). Pårørande sitt bidrag blir framheva som ein sentral del av eldreomsorga, og det er ei politisk målsetjing å halde denne innsatsen stabil (Meld. St. nr. 29 (2012-2013), 2013). For å nå måla, må ein aktiv og framtidsretta pårørande-politikk synleggjere, verdsette og støtte pårørande som står i krevjande omsorgsoppgåver.

Den nordiske velferdsmodellen legg opp til at omfattande omsorgsoppgåver er eit offentleg ansvar, medan pårørande skal ha ei komplementær rolle. Ei auka satsing på heimebaserte tenester i eldreomsorga har lagt til rette for pårørande-omsorg. Men på same tid har pårørande-omsorga lenge vore, og er framleis, ein føresetnad for heimebasert omsorg til eldre (Lingsom, 1997; Romoren, 2003; Wærrness, 2002; Ytrehus, 2012).

Pårørande er i følgje Pasient- og brukerrettighetsloven (2001), den eller dei som pasienten sjølv definerar som pårørande. Likevel vil pårørande for mange vere den nære familien, slik som omgrepene tradisjonelt har vore nytta (Rønning, Schanke & Johansen, 2009). I følgje Rønning et al. (2012) viser anslag at pårørande står for om lag halvparten av den omsorga eldre mottar i Norge. Ein antar at pårørande sitt omsorgsbidrag først og fremst består av praktisk hjelp og emosjonell støtte, men det er også pårørande som bidrar med meir omfattande pleieoppgåver (Daatland & Herlofson, 2004; Jakobsson, Hansen & Kotsadam, 2012; Romoren, 2003).

Fleire studiar, både internasjonale og nasjonale, viser at pårørande til eldre heimebuande har ein svært krevjande pleie- og omsorgssituasjon, som kan bli både ei fysisk og psykisk belasting (Grov & Eklund, 2008; McGee, Molloy, O'Hanlon, Layte & Hickey, 2008; Pinquart & Sörensen, 2003). Det same har forsking innan pårørande-omsorg vist gjennom fleire tiår (Lingsom, 1997; Romoren, 2003). Derimot er det også studiar som peikar på at omsorgsrolla kan ha positive følgjer, og opplevast som meiningsfull for pårørande (Ratcliffe, Lester, Couzner & Crotty, 2013; van Campen, de Boer & Iedema, 2013). I denne samanhengen vil helsepersonell kunne spele ei viktig rolle, der samhandlinga kan verke både positivt og negativt inn på korleis pårørande opplever omsorgsrolla (Dunér, 2010; Lévesque et al., 2010; McPherson, Kayes, Moloczij & Cummins, 2014).

Det er fleire grunnar til at helsepersonell bør leggje vekt på god samhandling i møte med pårørande. Helsepersonell skal ivareta pårørande slik at omsorgsansvaret ikkje medfører helsemessig belastning. Vidare har helsepersonell eit juridisk ansvar for å legge til rette for pårørandeinvolvering dersom dette er i tråd med pasienten sine ønskjer (Pasient- og brukerrettighetsloven, 2001). Sist, men ikkje minst, blir det frå fagleg hald argumentert for at heilskapleg omsorg for pasienten inneber at pårørande blir involvert som ein vesentleg aktør (Fast Braun, Hyndman, & Foster, 2010)

Sjølv om pårørende skal ha ei komplementær rolle i eldreomsorga i Norge, viser også norske studiar, på same måte som studiar frå andre land, at pårørende kan oppleve det som vanskeleg å få hjelp av helsetenesta (McPherson et al., 2014; Thorsen, 2001; Tønnessen, Førde & Nortvedt, 2009). Samtidig som ei ny undersøking viser at kommunehelsetenesta har avgrensa ressursar til å realisere pålagde oppgåver etter samhandlingsreforma, og at dette fører til nedprioritering av oppgåver knytt til førebygging og brukarmedverknad (Kassah, Tønnessen & Tingvoll, 2014). Førebygging og brukarmedverknad er viktige områder innan omsorg til pårørende. Dette kan bety at det er manglande merksemd på pårørende si rolle i eldreomsorga, også i Norge.

Helsepersonell sine haldningar og merksemd til pårørende sitt bidrag kan bli påverka av mange ulike faktorar. Her vil utdanning og opplæring kunne spele ei viktig rolle. Nasjonalt er det lite forsking om kva kunnskap helsepersonell treng i samhandling med pårørende, og om dei har denne kunnskapen. Sørfonden og Finstad (2012) stiller på bakgrunn av ein pensumgjennomgang spørsmål ved om familie- og pårørandeperspektivet er for lite vektlagt i norske sjukepleieutdanninger. I andre land blir det lagt vekt på familien i utdanninga, der det er ulike tilnærmingar til opplæringa om familien (Nyirati, Denham, Raffle & Ware, 2012). Det blir argumentert for at dersom familien skal bli ein sentral del av sjukepleiepraksis, må teoriar om og praktisk tilnærming til arbeid med familien inkluderast i utdanninga (Chu Kee Lee, Shing On, Siu LingChan & Chung, 2010; Fast Braun et al., 2010; Murray, 2008). På denne måten kan det å tenke på familien bli ein integrert del av sjukepleiepraksis (Chu Kee Lee et al., 2010; Fast Braun et al., 2010). Behovet for kunnskap gjeld ikkje berre for sjukepleiarar, men kan vere aktuelt for alt helsepersonell som arbeider med pasient og pårørende, uavhengig av profesjon. Det kan også gjelde for leiarar i heimetenesta. Sjølv om dei ikkje er i direkte samhandling med pårørende om omsorga for den eldre, vil dei ha det overordna faglege ansvaret, samt fordele ressursar.

Hensikta med denne studien er å undersøke om helsepersonell har deltatt på opplæring i pårørandearbeid, samt undersøke korleis opplæringa påverkar samhandlingssituasjonar med pårørende, og om dette varierer ut frå utdanningsbakgrunn og stillingsfunksjon.

Følgjande forskingsspørsmål er stilt:

Har helsepersonell deltatt på opplæring i pårørandearbeid?

Varierer deltaking i opplæring ut frå utdanningsbakgrunn eller stillingsfunksjon?

Korleis vurderer helsepersonell pårørende sitt bidrag?

Gir helsepersonell informasjon til pårørende når eldre familiemedlemmar blir innlagt i helseføretak?

For dei to siste spørsmåla er det sett på om resultata varierer etter deltaking på opplæring i pårørandearbeid, utdanningsbakgrunn eller stillingsfunksjon.

## **Metode**

Denne studien er ein del av ei større undersøking som hadde til hensikt å få kunnskap om korleis kommunane i Sogn og Fjordane møter samhandlingsreforma (Øyen et al., 2015). Undersøkinga er ein tverrsnittsstudie, og data vart samla inn ved hjelp av spørjeskjema. Eit elektronisk spørjeskjema vart laga i Quest Back, og det vart sendt e-post til aktuelle respondentar med lenkje til sjølve skjemaet.

## **Utvikling av spørjeskjema**

Det vart først gjennomført ein kvalitativ studie (Øyen et al., 2015). Funn frå denne gav grunnlaget for utvikling av spørjeskjemaet. Det vart oppretta ei referansegruppe for prosjektet, som medverka til utforming og innhald av spørjeskjemaet. For å styrke begrepssvaliditeten vart det gjennomført pilottesting av skjemaet. Tre tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og fem tilsette frå heimetenesta i eit anna fylke deltok på pilottesting av skjemaet, og gav tilbakemeldingar på om spørsmål var tydeleg formulert. Spørjeskjemaet vart utvikla med instruksar i dokumentet som skulle vise respondentane korleis dei skulle fylle ut korrekt. Det vart nytta routing som verktøy på enkelte spørsmål for å føre respondentane automatisk vidare, avhengig av kva dei svara på tidlegare spørsmål. Det vart gitt forklaring på sentrale omgrep i spørsmålstillinga i forkant, for å tydleggjere spørsmål.

## **Utval**

Utvalet er tilsette i heimetenesta i alle kommunar i Sogn og Fjordane. Inklusjonskriteria for respondentane var hjelpepleiar, helsefagarbeidar, omsorgsarbeidar, sjukepleiar, vernepleiar eller ergoterapeut, i artikkelen omtala som helsepersonell. Vidare i artikkelen blir helsefagarbeidar, omsorgsarbeidar og hjelpepleiar omtala som helsefagarbeidar. Respondentane skulle vere tilsett i heimetenesta, og dei skulle arbeide pasientretta mot den eldre pasienten. Tilsette i kombinasjonsstilling heimeteneste og sjukeheim/omsorgsbustadar/bukollektiv vart også inkludert. Helsepersonell som berre arbeida ved sjukeheim vart ekskludert, grunnen til dette var at undersøkinga skulle fokusere på tilsette i heimetenesta.

## **Innsamling av data**

Den først elektroniske kontakta gjekk til rådmannen i kvar einskild kommunen for å få tillating. 3 av 26 kommunar reserverte seg mot å delta i undersøkinga. Leiarane i heimetensta gav tilgang til e-postadressa til aktuelle respondentar. Det vart gjennomført ein kontroll av e-postadressene for å ekskludere dobbeltregistrering og ugyldige adresser. Det vart sendt ut e-post med informasjon og ei lenkje til sjølve undersøkinga. Totalt 555 informantar fekk tilsendt spørjeskjemaet via e-post. Innsamlingsperioden var frå 11.01.14 til 01.05.14. For å auke svarprosenten vart innsamlingsperioden utvida, og det vart gjennomført purringar per e-post. I tillegg vart leiarane i heimeteneta kontaktar per telefon og e-post, dette for å stimulere til auka deltaking i undersøkinga gjennom leiinga.

## **Svarprosenten**

Helsepersonell frå 23 kommunar i Sogn og Fjordane har deltatt i undersøkinga. Til saman har 152 svara på spørjeundersøkinga, total svarprosent er 27 prosent. Av desse er eit stort fleirtal kvinner (97 prosent). Bortfallsanalysen viste at kommunar etter størrelse var likt representert i netto- og bruttoutvalet. I absolutte tal er det flest informantar som kjem frå

ein liten kommune med mindre enn 3000 innbyggjarar, noko som speglar kommunestrukturen i Sogn og Fjordane.

Denne undersøkinga har inkludert helsepersonell med utdanning frå ulike nivå. Fordelinga ut frå utdanningsbakgrunn viser at vel ein av tre er helsefagarbeidar. Den største delen av respondentane er høgskuleutdanna (57 prosent), av desse er flest sjukepleiarar. Det er berre to som er utdanna vernepleiar og ingen ergoterapeutar. Gjennomsnittsalderen for respondentane er 44 år. 34 prosent av respondentane har arbeida meir enn fem år i heimetenesta, og 12 prosent har arbeida fem år eller mindre. Dette er nokolunde likt fordelt mellom helsefagarbeidarar og sjukepleiarar/vernepleiarar. Det er mindre enn 1 prosent av respondentane som har eitt års erfaring. Over halvparten av respondentane har ikkje svara på spørsmålet om kor lenge dei har arbeida i heimetenesta. 63 prosent av respondentane har ei fagstilling, medan ein av fire er tilsett som leiar eller har ei kombinert stilling som både leiar og fagtilsett.

### Analyse

Spørjeskjemaet besto av totalt 84 spørsmål. Studien som denne artikkelen byggjer på har nytta 5 av spørsmåla som handla om pårørandearbeid. I tillegg er det også nytta demografiske data om utdanning og stillingsfunksjon. SPSS versjon 20 er nytta til statistisk analyse. På grunn av eit relativt lite nettoutval er enkelte svaralternativ slått saman, avhengig av hensikt og fokus i dei enkelte analysane. Bakgrunnsvariablar er omkoda; «Stillingsfunksjon i heimetenesta» er omkoda til to verdiar, der «fagstilling» vart gitt ein verdi, og leiarstilling og kombinert leiar- og fagstilling er gitt verdien «leiarstilling». Når det gjeld utdanning er hjelpepleiar, omsorgsarbeidar og helsefagarbeidar koda til verdien «vidaregåande skule». Medan sjukepleiarar og vernepleiarar er gitt verdien «høgskuleutdanna». I variablar med svaralternativa «ja», «nei» og «både og» er verdiane «nei» og «både og» slått saman til ein verdi, fordi hensikta var å fokusere på dei som svara eintydig positivt. For deskriptiv analyse er variabelen «gir informasjon til pårørende» med svaralternativ «ikkje i det heile tatt», «i svært liten grad», «i liten grad», «i nokon grad», «i stor grad» og «i svært stor grad» slått saman til tre verdiar. «Ikkje i det heile tatt/ i svært liten grad/ i liten grad» er ein verdi, «i nokon grad» er ein verdi og «i svært stor grad/i stor grad» er ein verdi. For trivariat analyse er variabelen «gir informasjon til pårørende» slått saman til to verdiar, «ikkje i det heile tatt/ i svært liten grad/ i liten grad/i nokon grad» og «i svært stor grad/i stor grad». I analysen er det sett på opplæring under eitt, den nye variabelen opplæring er gitt to verdier. Alle som «har deltatt på opplæring» i ein eller annen form er gitt verdien 1. Dette omfatter alle som har deltatt på opplæring i pårørendearbeid enten på grunnutdanning, vidareutdanning eller kurs, på minst eitt av områda innafor pårørandearbeid. Dei som «ikkje har deltatt på opplæring» om pårørende er gitt verdien 2.

Deskriptiv analyse er nytta for å gi ei oversikt over helsepersonell si deltaking på opplæring i pårørandearbeid gjennom utdanning eller kurs, og for å beskrive korleis helsepersonell vurderar pårørande sitt bidrag. Det er nytta trivariate tabellanalysar for å sjå på samanhengar, dette for å få ei god og enkel oversikt over materialet, samstundes som det er spesielt retta mot variablar på nominal- og ordinalnivå (Grønmo, 2004). I den trivariate analysen blir variablane «opplæring», «stillingsfunksjon i heimetenesta» og «utdanning» nytta som uavhengige variablar. For å studere samanhengar er det nytta trivariate analyser

(krysstabellar) med Pearson Chi-square signifikant testing. Signifikansnivået på testane er satt til 0,05. I tabellane vil talet på respondentar (N) variere, grunnen til dette er at respondentane ikkje har svara på alle spørsmåla. Dette førte til at det var få respondentar som hadde svara på bakgrunnsvariablar som arbeidserfaring og alder, derfor er desse bakgrunnsvariablane ikkje nytta i analysen.

## Forskingsetikk

Studien er godkjent av Norsk Samfunnsvitskaplig Datateneste (NSD) og inneholder ikkje sensitive eller personidentifiserande data. I invitasjonen til dei aktuelle respondentane vart det lagt ved eit informasjonsskriv. I skrivet vart det gjort greie for kva som var formålet med undersøkinga, tema i spørjeskjemaundersøkinga og opplysningar om vern av data. Det kom også fram i informasjonsskrivet at samtykke vart gitt ved å delta i studien, og at informantane når som helst og utan grunngjeving kunne trekke seg frå studien. Det er tatt omsyn til anonymitet i rapporteringa, og data blir sletta når prosjektet er avslutta.

## Resultat

Resultata viser at helsepersonell i liten grad har deltatt på opplæring i dei ulike områda av pårørandearbeid, jfr tabell 1. Mindre enn ein av fire svara at dei har deltatt på opplæring som del av grunnutdanninga på dei ulike områda. Det området innanfor pårørandearbeid som flest svara at dei har deltatt på opplæring som del av grunnutdanninga er, «tiltak for å møte dei pårørande sine behov» (24 prosent). Få oppgjer å ha fått opplæring om juridiske reguleringar for pårørandearbeid, så mykje som 76 prosent svara at dei ikkje har deltatt på opplæring innanfor dette området. Det er gjennomgåande fleire som har deltatt på opplæring gjennom grunnutdanning, framfor vidareutdanning eller kurs. I underkant av ein av ti svara at dei har deltatt på opplæring gjennom vidareutdanning, medan ca. 5 prosent har fått opplæring gjennom kurs. Eit unntak er området «hjelpemiddel og praktisk tilrettelegging i heimen for å avlaste pårørande», der resultata viser at 18 prosent har fått opplæring gjennom kurs.

**Tabell 1.** Har helsepersonell deltatt på opplæring om følgjande tema innafor pårørandearbeid. Prosent.

	Ja, som del av grunn-utdanninga	Ja, som del av vidare-utdanninga	Ja, som kurs	Nei	N
Tiltak for å møte dei pårørande sine behov	24	8	5	63	131
Kartlegge og vurdere dei pårørande sine behov	22	10	5	63	134
Hjelpemiddel og praktisk tilrettelegging i heimen for å avlaste pårørande	21	8	18	53	133
Tilpassa rettleiing og opplæring i korleis pårørande kan støtte og hjelpe primærbrukaren	20	8	7	65	129
Tilpassa rettleiing og opplæring til pårørande i primærbrukaren sine sjukdomar og behov	19	6	5	70	132
Kartlegge og vurdere omsorgsbelastninga for pårørande	19	10	5	66	134
Juridiske reguleringar for pårørandearbeid	11	8	5	76	132

Dersom vi ser på opplæring i pårørandearbeid under eitt, ser vi at 52 prosent har deltatt på opplæring innanfor minst eitt område av pårørandearbeid, jfr tabell 2. Fleire med høgskuleutdanning (62 prosent) enn med vidaregåande skule (40 prosent) har deltatt på opplæring ( $p < 0,05$ ). Av helsepersonell med leiarstilling har 65 prosent deltatt på opplæring i pårørandearbeid.

**Tabell 2.** Fordeling av respondentane si deltaking på opplæring i pårørandearbeid (som del av grunnutdanninga, vidareutdanninga og/eller kurs) innanfor eitt eller fleire områder, etter utdanningsbakgrunn og stillingsfunksjon. Prosent.

	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring	N
Alle	52	48	136
Høgskule <sup>1)</sup>	62	38	87
Vidaregåande skule	40	60	53
Leiarstilling	65	36	31
Fagstilling	48	52	95

1)  $p < 0,05$

Tabell 3 viser korleis helsepersonell vurderer ulike påstandar om pårørande sitt bidrag. Resultata viser at godt over halvparten av respondentane stadfesta at dei var einig i at tenesta er heilt avhengig av pårørande sitt bidrag, berre 4 prosent svara at dette ikkje er tilfelle. 44 prosent svara bekreftande på at pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning. 29 prosent har svara at tiltak for å støtte pårørande blir sett i verk for seint, medan i underkant av ein av fire var einig i at tenesta ikkje er nok merksam på pårørande si viktige rolle.

**Tabell 3.** Helsepersonell si vurdering av ulike påstandar om pårørande sitt bidrag og rolle. Prosent

	Ja	Nei	Både og	N
Tenesta er heilt avhengig av at pårørande bidrar	57	4	39	137
Mange pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning	44	10	46	136
Tiltak for å støtte pårørande blir sett i verk for seint	29	9	62	135
Tenesta er ikkje nok merksam på pårørande si viktige rolle	24	15	60	136

Tabell 4 viser korleis helsepersonell sine vurderingar av pårørande sitt bidrag varierer etter utdanningsbakgrunn og deltaking på opplæring. Tendensen er at utdanningsgruppene vurderer pårørande sitt bidrag relativt likt på dei fleste områda. Unnataket er påstanden om at tenesta er avhengig av pårørande sitt bidrag. Fleire høgskuleutdanna samanlikna med dei som har utdanning på vidaregåande skulenivå svara bekreftande på at dette er tilfelle,

(høvesvis 65 og 44 prosent,  $p<0,05$ ). Dersom vi ser på samanhengen mellom deltaking på opplæring og vurderinga av dei ulike påstandane for dei ulike utdanningsgruppene for seg, ser vi at det er noko, men ikkje store forskjellar i vurderingane. Det er mellom 2 og 5 prosentpoeng fleire som har deltatt på opplæring som er einige i påstandane, samanlikna med dei som ikkje har deltatt på opplæring. Det er to unnatak, det eine gjeld korleis høgskuleutdanna vurderer pårørande si omsorgsbelastning. På dette område er det 5 prosentpoeng fleire som ikkje har deltatt på opplæring som har svara at pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning. Det andre unnataket er helsepersonell med vidaregåande skule, der eit fleirtal som ikkje har deltatt på opplæring, svarar bekreftande på at tiltak for å støtte pårørande vart satt i verk for seint.

**Tabell 4.** Del av respondentane som stadfesta at dei var einige i følgjande påstandar om pårørande sitt bidrag, alle og etter utdanning og deltaking på opplæring. Prosent.

	Utdanning						N	
	Høgskule			Vidaregåande skule				
	Alle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring	Alle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring		
Tenesta er avhengig av at pårørande bidrar	65 <sup>1)</sup>	68	63	44	45	43	136	
Mange pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning	45	44	47	43	45	41	135	
Tenesta er ikkje nok merksam på pårørande si viktige rolle	26	28	22	22	25	21	136	
Tiltak for å støtte pårørande blir sett i verk for seint	29	30	28	29	25	32	135	

1)  $p < 0.05$

Tabell 5 viser korleis helsepersonell sine vurderingar av pårørande sitt bidrag varierer etter stillingsfunksjon og deltaking på opplæring. Det er fleire helsepersonell i leiarstilling (71 prosent) enn helsepersonell i fagstilling (52 prosent) som svarar at tenesta er heilt avhengig at pårørande sitt bidrag ( $p<0,05$ ). Samtidig viser resultata at fleire helsepersonell i fagstilling enn helsepersonell i leiarstilling vurderer at pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning ( $p<0,05$ ). Over halvparten av helsepersonell i fagstilling stadfesta denne påstanden om at pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning, medan dette gjaldt for ein av fire leiarar. Det er også ein vesentleg forskjell i vurderinga av «tiltak for å støtte pårørande blir sett i verk for seint» mellom tilsette i fagstilling og leiarstilling. Meir enn ein av tre fagtilsette meiner tiltak vert sett i verk for seint, medan dette gjeld for i underkant av ein av fem leiarar. For leiarane kjem det fram forskjellar ut frå om dei har delteke på opplæring. Det er 12 prosentpoeng fleire leiarar som har deltatt på opplæring i pårørandearbeid, enn dei som ikkje har deltatt på opplæring, som vurderer at pårørande si omsorgsbelasting er for stor. Det same gjeld for spørsmålet om tiltak for å støtte pårørande blir sett i verkt for seint. Dette svarer fleire leiarar med opplæring at dei var einige i. På dette området var det 16 prosentpoeng forskjell etter opplæring.

**Tabell 5.** Del av respondentane som stadfesta at dei var einige i følgjande påstandar om pårørande sitt bidrag, alle og etter stillingsfunksjon og deltaking på opplæring. Prosent.

	Stillingsfunksjon						N	
	Leiarstilling			Fagstilling				
	Allle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring	Allle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring		
Tenesta er avhengig av at pårørande bidrar	71 <sup>1)</sup>	70	73	52	56	49	123	
Mange pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning	26 <sup>2)</sup>	30	18	52	56	48	122	
Tenesta er ikkje nok merksam på pårørande si viktige rolle	23	25	18	25	31	19	122	
Tiltak for å støtte pårørande blir sett i verk for seint	19	25	9	34	33	36	135	

1) p < 0.05

2) p < 0.05

For å studere ein samhandlingssituasjon mellom helsepersonell og pårørande, vart det stilt spørsmål om pårørande fekk informasjon ved overflytting til helseføretak. Som det kjem fram av tabell 6 oppgjer helsepersonell at dei i svært stor grad/i stor grad gir informasjon til pårørande ved overflytting, dette gjeld for 79 prosent av respondentane.

**Tabell 6.** I kva grad gir respondentane informasjon til pårørande når eldre familiemedlem blir innlagt i helseføretak. Prosent.

	Allle
I svært stor grad/ i stor grad	79
I nokon grad	11
Liten grad, svært liten grad, ikkje i det hele tatt	10
N	136

Tabell 7 viser korleis det å gi informasjon til pårørande varierer etter utdanningsbakgrunn og deltaking på opplæring. Eit fleirtal av helsepersonell med høgskuleutdanning (87 prosent) svarar at dei i svært stor grad/i stor grad gir informasjon til pårørande ved overflytting, dette gjeld for 65 prosent av helsepersonell med utdanning frå vidaregåande skule (p<0,05). For høgskuleutdanna er det 10 prosentpoeng fleire som har deltatt på opplæring enn dei som ikkje har deltatt, som bekreftar at dei gir informasjon til pårørande. For helsepersonell med utdanning frå vidaregåande skule er det fleire som har fått opplæring i pårørandearbeid, enn dei som ikkje har fått opplæring, som svara at dei gir informasjon til pårørande (p<0,05).

**Tabell 7.** I kva grad gir respondentane informasjon til pårørande når eldre familiemedlem blir innlagt i helseføretak, alle og etter deltaking på opplæring og utdanningsbakgrunn. Prosent.

	Utdanning					
	Høgskule			Vidaregåande skule		
	Alle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring	Alle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring
Gir i svært stor grad/i stor grad informasjon	87 <sup>1)</sup>	91	81	65	81 <sup>2)</sup>	54
Gir i nokon grad/ i liten grad/ i svært liten grad/gir ikkje informasjon	13	9	19	35	19	46
N	86	54	32	49	32	17

1) p < 0.05

2) p < 0.05

Tabell 8 viser korleis det å gi informasjon til pårørande varierer etter stillingsfunksjon og deltaking på opplæring. 87 prosent av leiarane og 78 prosent av fagtilsette gir informasjon til pårørande ved overflytting til helseføretak. For leiarane er det eit fleirtal av dei som ikkje har deltatt på opplæring som gir informasjon, forskjellen mellom gruppene er 6 prosentpoeng. For fagtilsette er det 31 prosentpoeng fleire som har deltatt på opplæring som svarar at dei gir informasjon, samanlikna med fagtilsette som ikkje har deltatt på opplæring.

**Tabell 8.** I kva grad gir respondentane informasjon til pårørande når eldre familiemedlem blir innlagt i helseføretak, alle og etter deltaking på opplæring og stillingstype. Prosent.

	Stillingstype					
	Leiarstilling			Fagstilling		
	Alle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring	Alle	Har deltatt på opplæring	Har ikkje deltatt på opplæring
Gir i svært stor grad/ i stor grad informasjon	87	85	91	78	94	63
Gir i nokon grad/ i liten grad/ i svært liten grad/gir ikkje informasjon	13	5	9	22	7	37
N	31	20	11	92	46	46

## Diskusjon

Hensikta med studien var å undersøke om helsepersonell har deltatt på opplæring i pårørandearbeid, samt undersøke korleis opplæringa påverkar samhandlingssituasjoner med pårørande, og om dette varierer ut frå utdanningsbakgrunn og stillingsfunksjon.

Resultata viser at helsepersonell i liten grad har deltatt på opplæring i pårørandearbeid, mindre enn ein av fire har deltatt på opplæring som del av grunnutdanninga. Når vi ser på opplæring under eitt, viser resultata at det er fleire med høgskuleutdanning (62 prosent) enn helsepersonell med utdanning frå vidaregåande skule (40 prosent), som har deltatt på opplæring i minst eitt av områda innanfor pårørandeomsorg ( $p<0,05$ ). Resultata viser at over halvparten av respondentane meiner at tenesta er avhengig av pårørende sitt bidrag, det er fleire helsepersonell med høgskuleutdanning, enn frå vidaregåande skulenivå, som svara at dette var tilfelle ( $p<0,05$ ). Tendensen er at det ikkje er store forskjellar etter utdanningsbakgrunn og deltaking på opplæring, i korleis helsepersonell vurderer påstandane om pårørende si rolle, omsorgsbelastning og tiltak. Det er fleire leiarar enn fagtilsette som vurderer at tenesta er avhengig av pårørende sitt bidrag, men det er fleire fagtilsette enn leiarar som vurderer at pårørende har ei alt for stor omsorgsbelastning ( $p<0,05$ ). Resultata viser at det er fleire av leiarane som har deltatt på opplæring, enn dei som ikkje har deltatt på opplæring, som vurderer at pårørende har ei alt for stor omsorgsbelastning og at tiltak blir sett i verk for seint (høvesvis 12 og 16 prosentpoeng forskjell). Det kjem også fram at eit fleirtal av helsefagarbeidarar som har deltatt på opplæring, samanlikna med dei som ikkje har deltatt på opplæring ( $p<0,05$ ), oppgjer at dei gir informasjon til pårørende ved overflytting.

Resultata viser liten grad av deltaking på opplæring i pårørandearbeid innanfor dei områda som er kartlagt i studien. Eit interessant spørsmål som er stilt, er kva opplæring helsepersonell har fått om pårørandearbeid gjennom grunnutdanninga, ettersom grunnutdanning er noko alle har. Resultata viser at det berre er ein liten del, om lag ein av fire, som har deltatt på opplæring i pårørandearbeid som del av grunnutdanninga. Dette kan blir oppfatta som ein liten del, i og med det vi veit om pårørende si sentrale rolle i eldreomsorga. På den andre sida så samsvarar resultatet med Sørfond og Findstad (2012) sin gjennomgang av pensumlitteratur på sjukepleieutdanningane, som viser at pårørende og familieperspektivet har vore lite vektlagt.

I denne studien kom det vidare fram at helsepersonell med høgskuleutdanning i større grad enn helsepersonell med utdanning frå vidaregåande skulenivå, har deltatt på opplæring i pårørandearbeid. Dette er eit resultat som ikkje er overraskande, ettersom det er utdanningar med ulik lengde og nivå. Det er kanskje meir overraskande at forskjellen ikkje var større.

Det kan vere fleire årsakar til at opplæring innanfor pårørandearbeid har vore lite vektlagt som tema i grunnutdanninga. Ei forklaring kan vere at den uformelle omsorga, då i stor grad pårørandeomsorg, har vore usynleg også for dei som er ansvarlege for utdanningane. Ei anna forklaring kan vere at eldreomsorga har blitt oppfatta som eit offentleg ansvar, og at fokuset dermed har vore på den eldre pasienten som treng hjelp, noko som kan ha ført til at omsorg for pårørende har blitt mindre vektlagt eller utsydeleg formidla.

Det må presiserast at det i denne studien berre er stilt spørsmål om opplæring, altså den formelle kompetansen. Studien omfattar dermed ikkje andre kjelder til kompetanse om pårørandearbeid. Det vil seie at denne studien ikkje kan gi svar på kva kompetanse

respondentane har fått gjennom læring i arbeid, som kan omfatte den daglege tilrettelegginga for læring med tid til spørsmål, refleksjon og diskusjon (Skår, 2010).

Vi har i denne studien sett at godt over halvparten svara at tenesta er heilt avhengig av pårørande sitt bidrag. Dette resultatet samsvarar med funn frå både nasjonal og internasjonal forsking som framhevar pårørande si viktige rolle og bidrag (Jakobsson, Hansen & Kotsadam, 2012; Laugaland, Aase & Barach, 2012; McGee et al., 2008; Rønning, Schanke & Johansen, 2009; Sigurðardóttir & Bravell, 2013; Tønnessen et al., 2009). Resultatet tyder på at helsepersonell i stor grad ser på pårørande sitt bidrag som ein viktig del av eldreomsorga. Det er fleire helsepersonell med høgskuleutdanna som vurderer at tenesta er avhengig av pårørande sitt bidrag. Ei årsak til denne forskjellen kan komme av at helsepersonell med høgskuleutdanning har fått meir opplæring om organiseringa av helsetenesta. Samtidig viser resultata at ein stor del (44 prosent) meina at pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning. Eit resultat som peikar på at det er eit behov for å rette merksemda mot samhandling med pårørande.

Resultata viser ingen signifikante forskjellar etter om helsepersonell har deltatt på opplæring eller ikkje, på spørsmål om korleis helsepersonell vurderer pårørande sitt bidrag og rolle. Med andre ord ser det ikkje ut som opplæring i pårørandearbeid påverkar helsepersonell sine vurderingar, noko som kan tyde på at opplæring ikkje bidrar til auka synleggjering av pårørande sitt bidrag. Det kan vere fleire grunnar til at opplæring ikkje slår ut her. Men ein rimeleg forklaring kan vere at det er den praktiske yrkesutøvinga, møte med pårørande, som synleggjer pårørande sitt bidrag. På denne måten vil ikkje helsepersonell si opplæring innanfor dette feltet i same grad ha innverknad på vurderingane. Ei anna forklaring kan vere at spørsmåla som er stilt om opplæring ikkje fangar opp realiteten i opplæringa, og dermed ikkje dekker alle sider ved den. Det kan også forklarast med at helsepersonell treng støtte og hjelp til å nytte kunnskapen innanfor den aktuelle konteksten (Harrington, 2011). Vidare kan ei forklaring vere at desse spørsmåla er knytt til helsepersonell sine vurderingar, og dermed også haldningar. Det kan vere ulike syn og forventningar til kva pårørande bør bidra med, og ulike syn på korleis situasjonen faktisk er for pårørande. Det å vere klar over pårørande sitt bidrag og situasjon kan tenkast å vere ein viktig føresetnad for å kunne gi god hjelp til pårørande.

Funn frå denne studien tyder på at det er forskjellar ut frå stillingsfunksjon på korleis helsepersonell vurderer pårørande si omsorgsbelastning. Ei forklaring på at fleire helsepersonell i fagstilling vurderer omsorgsbelastninga til pårørande som for stor kan vere at dei samarbeider tettare med pårørande, og dermed får betre kjennskap til pårørande si omsorgsbelastning gjennom eigne observasjonar. Andre årsakar til denne forskjellen kan vere knytt til ansvarsområdet til leiarane, som blant anna omfattar å sikre hjelp til dei pasientane og pårørande som treng det, samtidig som dei har ansvar for at tenesta er kostnadseffektiv (Vabø, 2009). Ein kan derfor tenke seg at leiarane er meir forplikta overfor ressursbruk, dermed kan haldningane og vurderingane i møte med pårørande bli påverke av ulike krav til leiarrolla. Funn frå denne studien tyder på at helsepersonell i leiarstilling med opplæring i pårørandeomsorg, i større grad enn dei som ikkje har deltatt på opplæring, vurderer at pårørande har ei alt for stor omsorgsbelastning og at tiltaka blir sett i verk for

seint. Dette kan kanskje bety at opplæring er særskilt viktig for dei som ikkje har den daglege kontakta med pårørande, og som i tillegg må handtere utfordringar knytt til ressursfordeling.

Studien får fram til dels motstridande funn, i forhold til resultata diskutert overfor, når vi ser på samanhengen mellom deltaking på opplæring og om helsepersonell gir informasjon til pårørande. For helsepersonell med vidaregåande skulenivå viser resultata ein statistisk signifikante forskjell mellom andelen som har fått opplæring, og dei som ikkje har fått opplæring i pårørrandearbeid, om dei gir informasjon til pårørande ved innlegging i helseføretak. Eit resultat som kan bli forstått som at opplæring gir auka kunnskap som blir nytta i møte med pårørande. Dette samsvarar med internasjonale studiar som viser at opplæring i familieomsorg bidrar til å utvikle studentar sitt syn på familién (Chu Kee Lee et al., 2010; Fast Braun et al., 2010). For helsepersonell med høgskuleutdanning er det 10 prosentpoeng fleire med opplæring som gir informasjon, enn dei som ikkje har fått opplæring. Dette kan tyde på at opplæring ikkje har like stor betydning for høgskuleutdanna som for helsepersonell med vidaregåande skulenivå på dette området. Vidare peikar resultata på forskjellar ut frå utdanningsbakgrunn om helsepersonell gir informasjon til pårørande ved overflytting. Ein årsak til denne forskjellen, som ikkje direkte kan knyttast til opplæring i pårørrandearbeid, kan vere at sjukepleiarar i større grad har ansvar for pasientar som blir akutt sjuke (Johansen & Fagerstrøm, 2010), og derfor oftare har ansvar for pasientane før innlegginga.

### **Studiens svakheit**

Ein av studien sine svakheiter er den relativt låge svarprosenten. Det kan vere fleire årsakar til dette. Ei ulempe kan vere måten undersøkinga vart gjennomført på. Låg svarprosent kan tyde på av det er utfordringar knytt til å distribuere gjennom e-post, då det er usikkert kor ofte dei tilsette les e-post. Ei anna ulempe kan vere at det ikkje var mogeleg å lagre undervegs i spørjeskjemaet, dette kan ha ført til at det var vanskelegare for respondentane å delta på grunn av utfordringar knytt til tidsbruk. Svarprosenten er nokolunde lik i dei ulike kommunegruppene, og viser at det ikkje er skeivfordeling etter kommunestørrelse. Vi kjenner ikkje kjønnsfordelinga i bruttoutvalet, men i nettoutvalet er det svært få menn, som kan bety at menn er underrepresentert. Vi kan dermed ikkje seie noko om kjønnsforskjellar, og undersøkinga vil då heller ikkje dekkje mannlege tilsette sitt syn på og vurderingar av pårørande sitt bidrag. Fordelinga av høgskuleutdanna blant respondentane viser også at sjukepleiarar kan vere overrepresentert, då det er berre to vernepleiar og ingen ergoterapeutar i vårt utval.

Resultata må tolkast med varsemd, fordi det er relativt få respondentar som har deltatt i studien. Det er også lite anna nasjonal forsking på området, som resultata her kan sjåast i lys av. Samtidig må ein vere merksam på at med eit lite utval, må det vere relativt store forskjellar mellom gruppene for at resultata skal bli statistisk signifikante. Det kunne dermed kome fram signifikante forskjellar i eit større utval, type II-feil (Grønmo, 2004). Det er derfor kommentert resultat som ikkje er statistisk signifikante. Svara på spørsmåla tyder på at spørsmåla var tydleg formulert, noko som styrkar validiteten (Grønmo, 2004). På bakrunna av låg svarprosent og at undersøkinga er utført i eit fylke med relativt små kommunar, kan resultata ikkje generaliserast til andre fylke. Likevel får studien fram statistisk signifikante

forskjellar som er verdt å merke seg, samt at resultata frå studien peikar på viktige område som vi har behov for meir kunnskap om.

### **Implikasjonar**

Resultata frå denne studien gir grunnlag for å stille spørsmål ved om helsepersonell har den kunnskapen dei treng for å kunne legge til rette for god samhandling med pårørande. Noko som peikar på at det er eit behov for å vite meir om kva kunnskap helsepersonell treng i samhandling med pårørande, og om dei har denne kunnskapen. Dette vil vere særskilt viktig no ettersom studiar viser at kompetansen til helsepersonell i kommunehelsetenesta blir utfordra på mange område (Gautun & Syse, 2013; Øyen et al., 2015), noko som kan tenkast at blir styrande for kva kompetanse som blir etterspurt i framtida.

Eit anna spørsmål er korleis eventuelt auka press på heimetenesta kan komme til å påverke helsepersonell sitt syn på, og vurdering av pårørande sitt bidrag. Det blir i ein ny studie peika på at utviklinga i kommunehelsetenesta går mot eit auka fokus på behandling og pleie, på kostnad av heilskapleg omsorg (Abelsen, Gask, Nødland, & Stephansen, 2014). Ettersom omsorg for pårørande ofte kan vere ein del av den heilskaplege omsorga, kan ein stille spørsmål ved om det er nødvendig med ytterlegare merksemrd rundt pårørandeomsorga. Kanskje då først og fremst på leiarnivå i kommunane. Resultata frå denne studien tyder i så fall på at det vil vere viktig å sørge for at også tilsette i leiarstilling får opplæring i pårørandearbeid. Nyttig kunnskap vil då kunne vere korleis dei kan legge til rette for god samhandling med pårørande, opplæring i den omfattande pårørandeomsorg og kva konsekvensar omfattande omsorgsansvar kan medføre for pårørande.

### **Konklusjon**

Resultata frå studien tyder på at helsepersonell i liten grad har delteke på opplæring om pårørandearbeid. Studien gir ingen eintydige svar på om opplæring har innverknad på korleis helsepersonell samhandlar med pårørande. Men tendensen er at opplæring i pårørandearbeid bidrar positivt i møte med pårørande, dette gjeld både for helsepersonell si merksemda mot pårørande sitt bidrag og om dei gir informasjon. Resultata tyder på at opplæring kan vere særskilt viktig for leiarar og helsefagarbeidarar.

### **Finansiering**

Denne studien er ein del av eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforsking. Finansiert av Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.

## Litteraturliste

- Abelsen, B., Gask, M., Nødland, S. I. & Stephansen, A. (2014). *Samhandlingsreformens konsekvenser for det kommunale pleie -og omsorgstenesten*. (Vol. 382). Stavanger: International Research Institute of Stavanger.
- Chu Kee Lee, A., Shing On, L., Siu LingChan, P. & Chung, J. O. K. (2010). Perceived Level of Knowledge and Difficulty in Applying Family Assessment Among Senior Undergraduate Nursing Students. *Journal of Family Nursing*, 16(2), 177-195. doi: 10.1177/1074840710366566
- Dunér, A. (2010). Motives, experiences and strategies of next of kin helping older relatives in the Swedish welfare context: a qualitative study. *International Journal of Social Welfare*, 19(1), 54-62. doi: 10.1111/j.1468-2397.2008.00631.x
- Fast Braun, V., Hyndman, K. & Foster, C. (2010). Family Nursing for Undergraduate Nursing Students: The Brandon University Family Case Model Approach. *Journal of Family Nursing*, 16(2), 161-176. doi: 10.1177/1074840710366565
- Gautun, H. & Syse, A. (2013). *Samhandlingsreformen: hvordan tar de kommunale helse- og omsorgstjenestene i mot det økte antallet pasienter som skrives ut fra sykehusene?* (Vol. 8/2013). Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Grov, E. K. & Eklund, M. L. (2008). Reactions of primary caregivers of frail older people and people with cancer in the palliative phase living at home. *Journal of Advanced Nursing*, 63(6), 576-585. doi: 10.1111/j.1365-2648.2008.04736.x
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforl.
- Harrington, S. (2011). Mentoring new nurse practitioners to accelerate their development as primary care providers: A literature review. *Journal of the American Academy of Nurse Practitioners*, 23(4), 168-174. doi: 10.1111/j.1745-7599.2011.00601.x
- Jakobsson, N., Hansen, T. & Kotsadam, A. (2012). Er det sammenheng mellom uformell og formell omsorg i Norge? *Tidsskrift for velferdsforskning*, 15, 168-175.
- Johansen, E. & Fagerstrøm, L. (2010). An investigation of the role nurses play in Norwegian home care. *British Journal of Community Nursing*, 15(10), 497-502.
- Kassah, B. L. L., Tønnessen, S. & Tingvoll, W. A. (2014). Samhandlingsreformen: utfordringer, løsninger og implikasjoner. I B.L.L. Kassah, W. A. Tingvoll & A. K. Kassa (Red.), *Samhandling under luppen*. (s. 51-64). Bergen: Fagbokforlaget.
- Laugaland, K., Aase, K. & Barach, P. (2012). Interventions to improve patient safety in transitional care - a review of the evidence. *Work*, 41, 2915-2924.
- Lévesque, L., Ducharme, F., Caron, C., Hanson, E., Magnusson, L., Nolan, J. & Nolan, M. (2010). A partnership approach to service needs assessment with family caregivers of an aging relative living at home: A qualitative analysis of the experiences of caregivers and practitioners. *International Journal of Nursing Studies*, 47(7), 876-887. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.ijnurstu.2009.12.006>
- Lingsom, S. (1997). *The Substitution issue: Care policies and their consequences for family care*. (NOVA-Rapport 6/1997): Norwegian Social Research.
- McGee, H. M., Molloy, G., O'Hanlon, A., Layte, R. & Hickey, A. (2008). Older people -- recipients but also providers of informal care: an analysis among community samples

- in the Republic of Ireland and Northern Ireland. *Health & Social Care in the Community*, 16(5), 548-553.
- McPherson, K. M., Kayes, N. K., Moloczij, N. & Cummins, C. (2014). Improving the interface between informal carers and formal health and social services: A qualitative study. *International Journal of Nursing Studies*, 51(3), 418-429. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.ijnurstu.2013.07.006>
- Meld. St. nr. 29 (2012-2013). (2013). *Morgendagens omsorg*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.
- Murray, I. (2008). Family Health Nurse Project: An Education Program of the World Health Organization The University of Stirling Experience. *Journal of Family Nursing*, 14(4), 469-485. doi: 10.1177/1074840708327965
- NOU 2011:11. (2011). *Innovasjon i omsorg*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.
- Nyirati, C. M., Denham, S. A., Raffle, H. & Ware, L. (2012). Where is Family in the Family Nurse Practitioner Program? Results of a U.S. Family Nurse Practitioner Program Survey. *Journal of Family Nursing*, 18(3), 378-408. doi: 10.1177/1074840712443872
- Pasient- og brukerrettighetsloven (2001). *Lov om pasient- og brukerrettigheter*. Henta fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63>
- Pinquart, M. & Sörensen, S. (2003). Differences between caregivers and noncaregivers in psychological health and physical health: A meta-analysis. *Psychology and Aging*, 18(2), 250-267. doi: 10.1037/0882-7974.18.2.250
- Ratcliffe, J., Lester, L. H., Couzner, L. & Crotty, M. (2013). An assessment of the relationship between informal caring and quality of life in older community-dwelling adults - more positives than negatives? *Health & Social Care in the Community*, 21(1), 35-46. doi: 10.1111/j.1365-2524.2012.01085.x
- Romoren, T. I. (2003). *Last Years og Long Lives: The Larvik study*. London: Routledge.
- Rønning, R., Schanke, T. & Johansen, V. (2009). *Frivillighetens muligheter i eldreomsorgen*. (Vol. 1). Lillehammer: Østlandsforskning.
- Sigurðardóttir, S. H. & Bravell, M. E. (2013). Older caregivers in Iceland: providing and receiving care. *Nordic Social Work Research*, 3(1), 4-19. doi: 10.1080/2156857X.2013.768180
- Skår, R. (2010). How Nurses Experience Their Work as a Learning Environment. *Vocations and Learning*, 3(1), 1-18. Doi: 10.1007/s12186-009-9026-5
- St. Meld. nr. 47 (2008-2009). (2009). *Samhandlingsreformen: rett behandling - på rett sted - til rett tid*. Oslo: Helse- og Omsorgsdepartementet.
- Sørfonden, W. B. & Finstad, H. H. (2012). Familieperspektivet i sykepleierutdanning og yrkesutøvelse. *Nordisk Tidsskrift for Helseforskning*, 8, 75-83
- Thorsen, A. (2001). Den gamle, familien og sykepleieren. I M. Kirkevold & K. S. Ekern (Ed.), *Familien i sykepleiefaget* (s. 170-187). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Tønnessen, S., Førde, R. & Nortvedt, P. (2009). Fair Nursing Care When Resources Are Limited: The Role of Patients and Family Members in Norwegian Home-Based Services. *Policy, Politics, & Nursing Practice*, 10(4), 276-284. doi: 10.1177/1527154409357108
- Vabø, M. (2009). Home care in transition: the complex dynamic of competing drivers of change in Norway. *Journal of Health Organization and Management*, 23(3), 346-358. doi: <http://dx.doi.org/10.1108/14777260910966762>

- van Campen, C., de Boer, A. H. & Iedema, J. (2013). Are informal caregivers less happy than noncaregivers? Happiness and the intensity of caregiving in combination with paid and voluntary work. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*, 27(1), 44-50. doi: 10.1111/j.1471-6712.2012.00998.x
- Wærness, K. (2002). Familien og helsetjenesten i den senmoderne velferdsstat. I B. S. Brinchmann. *Bære hverandres byrder: Pårørende i sykepleien* (s. 17-30). Bergen: Fagbokforlaget.
- Ytrehus, S. (2012). Bostadspolitik och det offentligas utbud av boståder till ålderdom i Norge. I M. Abramsson & C. Nord (Red.), *Åldres boende: forskningsperspektiv i Norden*. (s.35-50). Lund: Studentlitteratur.
- Øyen, K. R., Corneliusen, H., Sunde. O.S., Mittenmeier, E., Strand, G., Solheim, M. & Ytrehus, S. (2015). *Hvordan har hjemmetjenesten i Sogn og Fjordane tilpasset seg samhandlingsreformen?* (Vol. R-NR 1). Vestlandsforskning/ Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Karianne Røssummoen  
Institutt for sjukepleieutdanning Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Postboks 523  
6803 FORDE

Vår dato: 28.11.2013

Vår ref: 36289 / 2 / KH

Deres dato:

Deres ref:

Harald Håfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax: +47-55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org nr: 985 321 884

## TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 13.11.2013. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 27.11.2013. Meldingen gjelder prosjektet:

*36289 Hvordan møter kommunene samhandlingsreformen  
Behandlingsansvarlig Høgskulen i Sogn og Fjordane, ved institusjonens øverste leder  
Daglig ansvarlig Karianne Røssummoen*

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysingene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helsereserveoverloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.07.2015, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Vigdis Namtvædt Kvalheim

Kjersti Haugstvedt

Kontaktperson: Kjersti Haugstvedt tlf: 55 58 29 53

Vedlegg: Prosjektvurdering

# Personvernombudet for forskning



## Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 36289

Prosjektet gjennomføres i samarbeid med Vestlandsforskning. Personvernombudet anbefaler at partene inngår en avtale som omfatter ansvarsfordeling, ansvarsstruktur, hvem som initierer prosjektet, bruk av data og eventuelt eierskap.

Innmeldingen gjelder delstudie 2 av 3; spørreskjemaundersøkelse til høyskoleutdannede og fagutdannede som arbeider med eldre over 65 år.

Hensikten er å få kunnskap om hvordan hjemmetjenesten tilpasser seg utfordringer i samhandlingsreformen, særlig med tanke på regionale kompetansebehov og utvikling av en hjemmetjeneste som kan sikre ivaretakelse av eldre med store og sammensatte hjelpebehov.

Personvernombudet finner informasjonsskrivet til utvalget tilfredsstillende utformet i henhold til personopplysningslovens vilkår.

Vi legger til grunn at det inngås en databehandleravtale med Questback, jf. personopplysningsloven § 15.

Prosjektet avsluttet 01.07.2015 og innsamlede opplysninger anonymiseres. Anonymisering innebærer at direkte personidentifiserende opplysninger som navn/koblingsnøkkelen slettes, og at indirekte personidentifiserende opplysninger (sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. yrke, alder, kjønn) fjernes eller grovkategoriseres slik at ingen enkelpersoner kan gjenkjennes i materialet.

## Korleis møtar kommunane samhandlingsreforma? Spøreskjemaundersøking

Dette er ei spøreskjemaundersøking som er retta mot tilsette i heimetenesta som arbeidar med eldre. Spøreskjemaundersøkinga handlar om heimetenesta sitt arbeide med eldre pasientar og brukarar.

Bakgrunnen for undersøkinga er «Samhandlingsreforma» som vart sett i verk i 2012. Reforma før konsekvensar både for brukarar/pasientar og tilsette i heimetenesta. Det er derfor viktig å få fram synspunkt og vurderingar frå deg som arbeider med dei eldre.

Vi håper du tek deg tid til å svare. Undersøkinga vil ta omlag 30 minutt. Alle som deltek er automatisk med i et trekking om 3 premiar på Flaxlodd for 500 kroner!

For meir informasjon klick på denne lenkja:  
<http://www.hisf.no/no/content/download/30911/215772/file/Informasjonsskriv+deltakarar+okt+2013.pdf>

Identiteten din vil vere skjult.

Les om skjult identitet. (eit sprettoppvindauge)

### Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.

Disse spesielle handlingane er knytt til dei følgjande alternativa:

- Kun i sjukeheim : Go to end

**Informasjon:** Denne spørjeundersøkinga er retta mot tilsette som arbeidar i heimetenesta. Med heimetenester meiner vi tilsette som arbeidar i samlokaliserte omsorgsbustader, bukollektiv, ambulerande heimesjukepleie eller kombinasjonar av dei ulike tilboda. Tilsette som arbeidar i kombinasjon av heimeteneste og sjukeheim er også inkluderte i denne studien.

Tilsette som kun arbeidar i sjukeheim er derre *ikkje* inkludert i denne spørjeundersøkinga.

#### 1) Arbeidsstad. Kryss for alle moglege alternativ.

- Ambulerande heimesjukepleie (reiser rundt i kommunen)
- Bukollektiv
- Samlokaliserte omsorgsbustader
- Korttids/rehabiliteringsavdeling
- Arbeider både i heimetenesta (ambulerande og/eller bukollektiv og/eller omsorgsbustader) og sjukeheim
- Kun i sjukeheim

#### 2) Kryss av for kva kommune du arbeidar i

- Askvoll kommune  Aurland kommune  Balestrand kommune   
Bremanger kommune  Flora kommune  Førde kommune  Eid kommune
- Fjaler kommune  Gauldal kommune  Gloppen kommune  Gulen  
kommune  Høyanger kommune  Jølster kommune  Hornindal kommune
- Hyllestad kommune  Leikanger kommune  Luster kommune  Lærdal  
kommune  Naustdal kommune  Selje kommune  Sogndal kommune

Solund kommune  Stryn kommune  Vik kommune  Vågsøy kommune  
 Årdal kommune

**3) Alder: Skriv inn alder ved å bruke tall.**

**4) Kjønn**

- Mann
- Kvinne

**5) År i helsevesenet**

- Mindre enn eitt år
- Meire enn eitt år



**Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.**

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (      ° If «År i helsevesenet» equals «Meire enn eitt år»
- )

**6) Antall år. Bruk heile tal**

**7) År i heimetenesta.**

- mindre enn eitt år
- meire enn eitt år



**Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.**

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (      ° If «År i heimetenesta. » equals «meire enn eitt år»
- )

**8) Antall år. Bruk heile tal**

**9) Noverande stilling. Kryss av for alle moglege alternativ.**

- Hjelpepleiar  Helsefagarbeidar  Omsorgsarbeidar  Sjukepleiar   
Vernepleiar  Ergoterapeut  Ressursperson i nettverkssarbeid   
Koordinator  Faqutviklar  Gruppeleiar  Avdelingsleiar  Anna

**10) Fagstilling eller leiarstilling?**

- Fagstilling
- Leiarstilling
- Delt stilling (Både fagstilling og leiarstilling)

**Utdanning****11) Utdanning**

- Hjelpepleiar
- Hjelpepleiar med vidareutdanning
- Hjelpepleiar med spesialutdanning
- Helsefagarbeidar
- Helsefagarbeidar med vidareutdanning
- Helsefagarbeidar med spesialutdanning
- Omsorgsarbeidar
- Omsorgsarbeidar med vidareutdanning
- Omsorgsarbeidar med spesialutdanning
- Sjukepleiar
- Sjukepleiar med vidareutdanning
- Sjukepleiarmed spesialutdanning
- Vernepleiar
- Vernepleiar med vidareutdanning
- Vernepleiar med spesialutdanning
- Ergoterapeut
- Ergoterapeut med vidareutdanning
- Ergoterapeut med spesialutdanning
- Anna

**Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.**

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- \* (      ° If «Utdanning» equals «<#other#>Anna»
- \* )

**12) Hvis Anna: kva for utdanning?****13) Kortvarige kurs (dag, veke). Kryss av for alle aktuelle svaralternativ.**

- Ikkje aktuelt
- Aldersdemens
- Blodprøvetaking
- Diabetes

- Forflytting
- Førebygging av vold
- Individuell plan
- Kols
- Rehabilitering
- Sår
- Ulike kurs om prosedyrar
- Ulike kurs om tekniske hjelpemidlar
- Anna

**Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.**

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If «Kortvarige kurs (dag, veke). Kryss av for alle aktuelle svaralternativ.»  
equals «<#other#>Anna»
- )

**14) Hvis Anna: kva for kortvarige kurs?**

**15) Langvarige kurs. Kryss av for alle aktuelle svaralternativ.**

- Ikkje aktuelt
- Demensomsorgens ABC (1,5 r)
- Eldreomsorgens ABC (1,5 år)
- Miljøbehandling i eldreomsorga (ca. 2 år)
- Etisk kompetanseheving

**Fagskule vidareutdanning:**

Vidareutdanning for hjelpepleiarar, helsefagarbeidarar og omsorgsarbeidarar.

**16) Fagskule vidareutdanning (opp til 60 fagskulepoeng). Kryss av for alle aktuelle svar.**

- Ikkje aktuelt
- Eldreomsorg
- Demensomsorg og alderspsykiatri
- Helse, aldring og aktiv omsorg
- Kreftomsorg og lindrande pleie
- Psykisk helsearbeid
- Livsstils- og kroniske sjukdomar
- Rehabilitering
- Rus og avhengigheitsproblematikk
- Anna

**Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.**

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If «Fagskule vidareutdanning (opp til 60 fagskulepoeng). Kryss av for alle aktuelle svaralternativ.» equals «<#other#>Anna»
- )

**17) Hvis Anna: kva for fagskule vidareutdanning?****18) Høgskuleutdanning eller universitetsutdanning etter avslutta bachelorgrad (15-90 st.p.)**

- Ikkje aktuelt
- Aktiv omsorg - fysisk aktivitet og naturopplevelingar i helsefremjande arbeid (30 st.p)
- Akuttsjukepleie for kommunehelsetenesta (30 st.p)
- Aldring og eldreomsorg (60 st.p)
- Alderspsykiatri (30 st.p)
- Anestesisjukepleie (90 st.p)
- Arbeidshelse (30 st.p)
- Allmenhelse (30 st.p)
- Demens (30 st.p)
- Demens og alderspsykiatri (15st.p)
- Demens og alderspsykiatri (30 st.p)
- Eldres helse
- Folkehelse
- Habilitering og rehabilitering
- Helsepsykologi (30 st.p)
- Heimesjukepleie (60 st.p)
- Intensivsjukepleie (90 st.p)
- Kreftsjukepleie (60 st.p)
- Kunnskapsbasert praksis for helsefag (15 st.p)
- Klinisk sjukepleie, diabetessjukepleie (del 1, 60 st.p)
- Klinisk sjukepleie, kardiologisk sjukepleie (del 1, 60 st.p)
- Legevaktssjukepleie (60 st.p)
- Lindrande behandling, pleie og omsorg 1 (15 st.p)
- Lindrande behandling, pleie og omsorg 2 (15 st.p)
- Målretta miljøarbeid
- Organisering av helse- og sosialtenester til eldre (15 st.p)
- Operasjonssjukepleie (90 st.p)
- Pedagogisk rettleiing – grunnlag og metodar (15 st.p)
- Psykisk helsearbeid (60 st.p)
- Rettleiing – innføringskurs (15.st.p)

- Rusproblematikk og rusarbeid (60 st.p)  
 Slagbehandling basert på Bobathkonseptet (15 st.p)  
 Spesialpedagogikk (30 st.p)  
 Anna

#### **Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.**

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If «Høgskuleutdanning eller universitetsutdanning etter avslutta bachelorgrad (15-90 studiepoeng). Kryss av for alle aktuelle svaralternativ.» equals «<#other#>Anna»
- )

#### **19) Hvis Anna: Kva for høgskuleutdanning eller universitetsutdanning?**

#### **20) Masterutdanning eller hovudfag?**

- Ikkje aktuelt  Påbegynt utdanning  Avslutta utdanning

#### **Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.**

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If «Masterutdanning eller hovudfag?» equals «Påbegynt utdanning»
  - eller
  - If «Masterutdanning eller hovudfag?» equals «Avslutta utdanning»
- )

#### **21) Masterutdanning eller hovudfag (120 studiepoeng). Kryss av for alle aktuelle svar!**

- Funksjonshemming og samfunn  
 Helse- og sosialfag- Meistring og myndiggjering  
 Klinisk helsevitenskap- anvendt klinisk forsking  
 Klinisk helsevitenskap- Fedme og helse  
 Klinisk sjukepleie  
 Kunnskapsbasert praksis for helsefag  
 Mastergrad i helse- og sosialfag, kliniske hjelperelasjonar overfor sårbare grupper  
 Master i helse- og sosialfaglig arbeid med barn og unge  
 Master i psykisk helsearbeid  
 Master i tverrfagleg helsearbeid  
 Master i helse- og sosialfaglig arbeid med eldre  
 Master i jordmorfag  
 Organisasjon og leiing-helse- og velferdsleining  
 Samhandling innan helse- og sosialtenesta  
 Anna mastergrad/hovudfag

**«Pleie-og omsorgsmeldingar (PLO-meldingar):**

Er standardiserte elektroniske meldingar til bruk i samhandlinga mellom pleie- og omsorgstjenesta, fastlege og helseføretak.

**Eksempel på elektroniske dialogmeldingar:**

Elektronisk informasjon mellom fastlege og omsorgstenesta.

Elektronisk melding om innlagt pasient i helseføretaket.

Elektronisk innleggingsrapport til helseføretaket frå kommunen.

Tidlegmelding om behov for eller endra behov for kommunale helesetenester.

Dialogmeldingar hvis behov for meir opplysningar mellom helseføretak og kommunehelesetensta.

Melding om utskrivingsklar pasient frå helseføretaket.

Tilbakemelding på mottak av utskrivingsklar pasient frå kommunehelesetensta.

Elektronisk utskrivingsrapport frå helseføretaket til omsorgstenesta.

Elektronisk epikrise frå helseføretaket til fastlege.

Elektronisk medisinliste

E- reseptar

**22) I kva grad bruker du elektroniske meldingar for å utveksle informasjon om brukarar**

Vel alternativ

**23) Kven sender de elektroniske meldingar til? Kryss av for alle aktuelle svaralternativ.**

- Ikkje i bruk i heimetenesta i vår kommune  Helseføretaket  Fastlege  
 Koordinator i kommunen  Intern mellom kollegaer i heimetenestene   
Andre

**24) Korleis bruker de elektroniske meldingar? Kryss av for alle aktuelle svaralternativ.**

- Ikkje aktuelt  
 Informasjon til avdeling i helseføretaket om pasient  
 Mottak av informasjon om brukarer/pasient frå helseføretaket til heimetenesta  
 Rapportering av endring av tilstand til brukar/pasient til fastlege  
 Førespurnad om endring av medisinliste til fastlege  
 Melding frå fastlege til helsepersonell  
 Tverrfagleg samarbeid om brukarar/pasientar  
 Anna

**25) Er det innført elektroniske mellom helseføretaket og heimetenesta i din kommune. S**

- Ja

- Nei
  - Under utprøving
  - Veit ikkje

26) Fungerer desse meldingsformene tilfredstillande? Set kun eit kryss for kvar linje.

27) Får dei rette personane i heimetenesta naudsynt informasjon frå helseføretaket for å

- Ikkje i det heile tatt
  - I svært liten grad
  - I liten grad
  - I nokon grad
  - I stor grad
  - I svært stor grad
  - Veit ikkje

28) Korleis har elektroniske meldingar har påverka kvaliteten på kommunikasjon mellon

	Ikkje i det heile tatt	I svært liten grad	I liten grad	I nokon grad	I stor grad	I svært stor grad	Ikkje aktuelt
Elektroniske meldingar har ført til betre kommunikasjon med fastlege							
Elektroniske meldingar har ført til tettare samarbeid om pasientar med eigen leiar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Elektroniske meldingar har ført til at det er lettare å arbeide tverrfagleg om brukarar/pasientar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Anna	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

### Elektroniske reseptar.

Elektronisk resept er ein resept som ikkje blir skriven ut på papir, men som legen sender elektronisk frå si datamaskin til ein sentral database.

E-Recept blir innført for å gje tryggare legemiddelbruk, enklare rutiner og betre utnytting av samfunnet sine ressursar.

### 29) Kva har e-reseptar ført til? Set kun eit kryss for kvar linje

	Ikkje i det heile tatt	I liten grad	I nokon grad	I stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje
Raskare oppdatering av eldre sine medisinlister	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Enklare å halde seg oppdatert på medikamenta til den enkelte eldre brukar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

## Spørsmål vedrørande ulik type samhandling

### 30) Har dei eldre brukarane/pasientane i heimetenesta (heimesjukepleien/omsorgsbust)

	Ja, endringa har skjedd over lengre tid	Ja, endringane har skjedd først og fremst etter at samhandlingsreforma vart innført i 2012	Nei, ingen merkbare endringar
Fleire eldre er sjukare	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fleire eldre er meir hjelpetrengande	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

	Ja, endringa har skjedd over lengre tid	Ja, endringane har skjedd først og fremst etter at samhandlingsreforma vart innført i 2012	Nei, ingen merkbare endringar
Fleire eldre har meir samansette sjukdomstilstandar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fleire eldre har meir psykiske problem	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fleire eldre har meir sosiale problem	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fleire eldre er einsame	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fleire eldre har både psykiske, sosiale og medisinske problemer	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

